



EIT NASJONALT SENTER FOR GJENREISINGSBYANE VÅRE

STEINKJER ØNSKER VELKOMMEN

FORPROSJEKTRAPPORT

www.gjenreisingsbyer.no



G J E N R E I S I N G S B Y E R

NASJONALT SENTER FOR GJENREISINGSARKITEKTUR SERVICEBOKS 2530 7729 STEINKJER TELEFON 74169209

Foto:

- s. 5: Nordmøre museum si samling
- s. 7: Kristian Helgesen
- s. 10: Nordmøre museum si samling
- s. 11a: Ukjend
- s. 11b: Ukjend tysk soldat
- s. 12: Ukjend
- s. 15c: Olav Tjønneland
- s. 17: Wikimedia Commons/Harald Oppedal
- s. 27: Wikimedia Commons
- s. 35: Schrøder(?)
- s. 41: John Aikio

Alle andre foto: forfattern

Perspektivkvarellane s. 9 og 15: Jac Hanssen

FORORD

Prosjektet «Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur» er et samarbeid mellom Nord-Trøndelag fylkeskommune og Steinkjer kommune.

Fylkesrådet i Nord-Trøndelag vedtok 3.12 2007: «Nord-Trøndelag fylkeskommune og Steinkjer kommune starter opp «Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur» som et treårig prosjekt fra 01.01 2008 (-).»

Formannskapet i Steinkjer kommune vedtok 13.12 2007: «Som oppfølging av intensjonsavtale vedteken av formannskapet 24.5 2007 settes det i gang eit treårig prosjekt i samarbeid med Nord-Trøndelag fylkeskommune med sikte på å opprette eit nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur i Steinkjer (-).»

Prosjektet kom i gang 1. april 2008, med prosjektleder i 50% stilling.

Det har vært to mål med arbeidet i prosjektperioden. Et hovedmål har vært å legge til rette for et permanent nasjonalt senter gjennom en grundig forprosjektrapport. Det er denne rapporten som foreligger her. Dels har en også ønsket å få fram konkrete resultater, som heimeside, avis- og tidsskriftartikler, formidlingsopplegg mm, som eksempler på hvordan et slikt senter vil kunne fungere.

Rapporten konkluderer med et forslag om å opprette et permanent nasjonalt senter for samtlige gjenreisingsbyer og -steder, lokalisert i Steinkjer og organisert som en del av museet for den sørlige delen av Nord-Trøndelag: Stiklestad Nasjonale Kultursenter.

Rapporten er tredelt.

Del I inneholder konklusjoner, et sammendrag av gjenreisingsbyenes historie og deres status i dag, samt et sammendrag av planer for drift.

I Del II skildres gjenreisingsbyenes historie fra bombinga i 1940 fram til i dag. Denne delen er blitt relativt omfattende, da vi ikke kan gå ut fra at alle leserne vil være like godt kjente med dette stoffet. Av praktiske og plassmessige hensyn er Steinkjer brukt som eksempel. I tillegg er det naturlig at Steinkjers historie er grundigst studert i prosjektperioden.

Del III omhandler oppgaver, organisasjon, bemanning, økonomi og planer for drift. Senterets hovedoppgave er å være et kunnskapsnav og en kunnskapsbase for samtlige gjenreisingsbyer, det skal tilby tjenester til både brede og smale kundegrupper, med ulike behov for informasjon.

Det er viktig med kontinuitet i arbeidet mellom forprosjekt og realisering av et permanent senter. En tenker seg en relativt beskjeden start, med 1 – 1 ½ fast ansatte. Bemanning, økonomi og planer for drift må sees i sammenheng. Det er skissert relativt omfattende planer for et moderne besøkscenter, som kan realiseres i løpet av en 3-5 årsperiode.

Det prosjektet som nå er inne i slutfasen har et ambisiøst navn: «Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur». Vi håper og tror at den rapporten som her er lagt fram, sammen med det arbeidet som ellers er gjort i prosjektperioden har vist behovet for et nasjonalt senter for gjenreisingsbyene – et kunnskapsnav og et besøkscenter som en permanent institusjon som kan bidra til at landets gjenreisingsbyer og -steder kan utvikle seg på en god måte.

Rapporten er forfattet av prosjektleder Robert Øfsti.

Steinkjer 24.september 2010

Stein Arve Torgnesøy
Leder hovedutvalg oppvekst og kultur,
Steinkjer kommune
leder i styringsgruppa

Annikken Kjær Haraldsen
fylkesråd for kultur,
Nord-Trøndelag fylkeskommune
nestleder i styringsgruppa

Prosjektgruppa har i tillegg bestått av fylkeskultursjef Ragnhild Kvalø og overarkitekt Grete Silset fra Nord-Trøndelag fylkeskommune og avdelingsleder for kultur, Ellen Samuelsen og avdelingsleder for plan og natur, Svein Åge Trøbakk fra Steinkjer kommune.

DEL I: KONKLUSJONAR OG SAMANDRAG



Kristiansund etter bombinga i maidagane 1940.

Våren 1940 vart til saman 23 norske byar og tettstadar øydelagde av bombing og andre krigshandlingar. I 1944 vart samtlige byar og tettstadar i Finnmark og Nord-Troms sette i brann. Gjenreisinga av alle desse områda utgjer eit eineståande kapittel i norsk byplan- og arkitekturhistorie.

I samtlige gjenreisingsbyar finn vi område som det knyter seg nasjonale kulturminne- og kulturmiljøinteresser til. Dei er registrerte i Riksantikvarens NBI-register («Nasjonale kulturminneinteresser i By»). Det er i år (2010) 70 år sia bombene fall og gjenreisinga tok til. Bygningsmassen er altså mellom 50 og 70 år gammal – det er ei veksande utfordring å ta vare på bygningane. Det er difor avgjerande viktig å ta vare på den kunnskap som finst og gjennom forskning bringe fram ny kunnskap. Kompetanse, dokumentasjon og kjeldemateriale finst spreidd på ulike plassar og i ulike former, i sentrale arkiv og museum så vel som i lokale kommunale byggesaksarkiv. Verdfulle bymiljø og bygningar finst i samtlige gjenreisingsbyar: Elverum og Voss i Sør-Norge, Åndalsnes, Molde, Kristiansund, Steinkjer og Namsos i Midt-Norge, Bodø og Narvik i Nordland – og i samtlige byar i Finnmark. Omfanget av krigsskadar varierar sterkt. Byane var av ulik storleik i 1940. Kristiansund med 17000 innbyggjarar og Narvik med 11500 var dei største, Elverum, Voss og Steinkjer (med ca 3000 innbyggjarar) var mellom dei minste byane. I tillegg kjem ei rekke mindre tettstadar, som Ulvik, Verdalsøra, Hemnesberget, Fauske m.fl. Graden av utsletting varierte også, med Steinkjer som den prosentvis mest øydelagde – 82%.

Gjenreisingsarkitekturen pregar difor byane ulikt. Byane og tettstadane har ulike føresetnader og ressursar for å skaffe nødvendig kjeldemateriale til gransking av eige gjenreisingsmiljø. Det vil difor vere naudsynt å ha ein stad å vende seg til for å få hjelp og rettleiing, både til å forske i si eiga lokalhistorie om den aktuelle perioden, og i tekniske og praktiske spørsmål omkring forvaltinga av gjenreisingsbyane i dag.

Det bør difor opprettast eit nasjonalt senter som kan vere det sentrale kunnskapsnavet for samtlige gjenreisingsbyar. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på gjenreisingsbyane. Staten bør ta sin del av ansvaret gjennom å bidra til finansieringa etter den fordelingsnøkkelen som er vedtatt for musea.

Senteret si hovudoppgåve skal vere å registrere og dokumentere fakta omkring samtlige gjenreisingsbyar og -stader i fortid og notid, initiere og legge til rette for ny kunnskap gjennom forskning, samt formidle kunnskap om samtlige gjenreisingsbyar til både eit fagleg og eit ålment publikum. Formidlinga må skje i moderne former og med moderne teknologi, tilpassa dei ulike brukar- eller kundegruppene.

Oversyn over og tilgang til skriftlege primærkjelder er absolutt nødvendig for forskning. I tillegg til at senteret bør ha eit best muleg arkiv, bør ein ta initiativ til å digitalisere representativt kjeldemateriale. Her må ein også ha eit internasjonalt perspektiv. Krigsskadde og gjenreiste byar finn ein over alt i Europa, det er interessante forskjellar på prinsippa for og ideologiane bak gjenreisninga.

Eit nasjonalt senter for gjenreisingsbyane vil komplementere og supplere det eksisterande Gjenreisingsmuseet i Hammerfest. Eit muleg gjenreisingscenter for Kristiansund tilknytt Nordmøre museum vil vere ein viktig samarbeidspartnar og eit verdfullt supplement, likeeins Museet Midt i Namdalen, med eit framtidig bymuseum for Namsos tilknytt Namdalsmuseet.



Steinkjer. Store delar av Nordsia er regulert til spesialområde bevaring.

Rapporten konkluderar med at eit nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur bør ligge i Steinkjer. Steinkjer kommune og Nord-Trøndelag fylkeskommune har vist evne og vilje til å ta ansvar gjennom vedtak og løyvingar til eit forprosjekt. Det er naturleg at eit senter blir lagt til Midt-Norge, som har ein sterk konsentrasjon av gjenreisingsbyar. Steinkjer har ein kompakt og lett overskueleg bykjerne der alle sentrale delar av BSR si byplantenkning kjem godt fram. Byen framstår med eit autentisk uttrykk. Eit senter i Steinkjer vil ligge nært sentrale fagmiljø i Trondheim (NTNU, HiST, NIKU og Sintef Byggforsk m.fl). Trondheim lufthavn, Værnes gjer også at Oslo er berre to timar unna. Gjenreisingsbyen Steinkjer ligg i ein rik kontekst: mellom gjenreisingsbyen Namsos og trebyen Levanger. Det er igangsett freding av store delar av Levanger sentrum. «Byen er pionerby når det gjelder bygningslovene av 1845 og 1896, og er en av de få helhetlige bebyggelsene i Norge fra den korte bygningsperioden mellom bygningsloven av 1896 og murtvangsloven av 1904» seier Riksantikvaren. Med to timars reise frå Steinkjer som sentrum kan ein såleis, med Trondheims barokke byplan frå 1681 som bakteppe, få eit omfattande innblikk i store delar av norsk byplanhistorie.

Rapporten konkluderar med at Senteret bør bli ein del av det konsoliderte museet for sør-delen av Nord-Trøndelag: Stiklestad Nasjonale Kultursenter AS (SNK). Dei oppgåvene Senteret skal ta på seg høver godt med aktuell tenking omkring museumsinstitusjonen: «Økt kunnskap antas å føre til at flere kommer til å engasjere seg aktivt i å ivareta vår kulturarv» (St.meld 49 (2009-2009) Framtidas museum). Ein får tilgjenge til og kan bidra til det nasjonale museumsnettverket for arkitektur. Det er ikkje drøfta inngåande om tilknyttinga til SNK bør skje gjennom Egge Museum eller til det Weidemanngalleriet som er under planlegging.

Når det gjeld bemanning og drift samt investerings- og driftsutgifter, skisserer rapporten ei gradvis oppbygging i tre fasar, der fase 1 er ein enkel oppstartfase med ein tilsett. I fase 2 er dei sentrale funksjonane som kunnskapsnav på plass, med to tilsette. Deretter kan ein utgreie eit meir omfattande besøkscenter – fase 3. I fase 1 ligg driftsutgiftene (i all hovudsak lønnskostnadar til ein person med forskarkompetanse) på ca 1 mill kr, og investeringane på ca 100 000 kr medan dei stig til 3 – 3,5 mill kr i driftsutgifter og ei investering på ca 5 mill kr i fase 3. Ein tek sikte på å gjennomføre heile prosessen i løpet av ein femårsperiode.

SAMANDRAG AV DEL II

Dei kommunale styresmaktene i fleire av dei krigsskade byane vende seg våren 1940 til professor Sverre Pedersen ved NTH i Trondheim for å få hjelp til å lage nye byplanar med tanke på ei snarleg gjenoppbygging av byane. Pedersen var ein internasjonal autoritet innan byplanlegging, og han kjende byane godt frå tidlegare oppdrag: Åndalsnes 1917, Namsos 1923, Steinkjer 1925, Narvik 1925, Kristiansund frå 1929, Molde 1933-39. Han takka ja til oppdraga, men 1. juli oppnemnde Administrasjonsrådet Pedersen til sjef for eit nyoppretta kontor for Brente Steders Regulering, som heldt fram arbeidet. Dei første planane var klare i september 1940. 25. september oppløyste Reichskommisar Joseph Terboven Administrasjonsrådet og innsette sitt eige Reichskommisariat. Arbeidet i BSR kom under tysk kontroll, men det er ulike syn på kor sterk denne kontrollen var og i kor stor grad «tysk mentalitet» kjem til syne i dei nye planane som vart godkjende i 1942. Mangel på bygningsmaterialar og byggeforbod gjorde at lite gjenreisingsarbeid kom i gang før etter krigen. Da vart også planane reviderte, utan at den sterke kritikken som kom til syne rett etter krigen i særleg grad vart tatt til følgje. Professor Sverre Pedersen vart avløyst av Erik Rolfsen som sjef for BSR, som også fekk ansvaret for gjenreisninga av Finnmark og Nord-Troms. Gjenreisingsarbeidet heldt fram til ca 1960, og det ser ut til at befolkninga i byane var stolte over å bu i ein moderne og vakker by med høg bustandard og meir tidsmessige kontor- og forretningsbygg enn den byen som brende.



Bodø. Storgata i 1949. Foran til h. Koch-gården, Storgata 5. Arkitekt: Per Grieg. Deretter Grand Hotel, Storgata 3. Arkitekt: Gudolf Blakstad og Herman Munthe-Kaas. I enden av gata Merkurgården, Storgata 1. Arkitekt: Gudolf Blakstad og Herman Munthe-Kaas.

Gjenreisingsarbeidet tilbød mykje arbeid til ei rekkje arkitekter. Det vart produsert ei rekkje nøkterne, rasjonelle og heiderlege byggverk, og også nokre bygg av særleg høg arkitektonisk kvalitet. Etter kvart dalte entusiasmen for gjenreisingsbyen. Begeistringa for det nye vart avløyst av ein nostalgisk draum om byen som var borte. Gjenreisingsbyane fekk eit forståeleg (men urettvist) omdømme som grå og triste betongbyar. Moderne byplanlegging følgde andre prinsipp enn Sverre Pedersens ønske om å lage interessante bybilder. Plan- og bygningslova av 1965 inneheldt lite om estetikk.

På 1980-talet tek fagfolk til å interessere seg for Gjenreisingsbyane. BSR-planane blir fylldig omtalte i Byggekunst nr 5 1980, i 1986 leverer Helga Stave Tvinnereim si doktorgradsavhandling om gjenreisninga av Molde. Same år publiserar Trond Dancke boka «Opp av ruinene – gjenreisningen av Finnmark 1945 – 1960».


Frå midten av 1990-talet veks det fram ei breiare interesse både nasjonalt og lokalt for gjenreisingsbyane. Statens byggeskikkutvalg set tema på dagsorden i ein konferanse i 1995. I 1997 arrangerar Gjenreisningsmuseet i Hammerfest seminar om gjenreisingsbebyggelsen. Steinkjer kommune arrangerer eit stort seminar «Gjenreisning i sentrum» i 2004. Det fører til at Husbanken tek initiativ til opprettinga av eit «Nettverk for gjenreisingsbyer i Midt-Norge». Kulturminneåret 2009 set fokus på gjenreisingsbyen Kristiansund. Også Riksantikvaren og Miljøverndepartementet ser på gjenreisingsbyane som verdfull kulturarv.

SAMANDRAG AV DEL III

Gjenreisingsbyane står overfor store utfordringar. Enkelte byar opplever eit press mot det gamle sentrum, eit ønske om høgare utnytting; utbygging, påbygging og nybygging. Det er ei stor utfordring å finne rette balansen mellom ønsket om å ta vare på byane og bygningane som kulturminne, og eigars ønske om å utnytte eigedomen best muleg, både i byutviklinga som heilskap og i høve til kvar enkeltsak. I andre byar skjer det motsette – eit sug vekk frå det gamle sentrum. Dei mest attraktive butikkane har flytta til kjøpesentra og byane blir aude og folketomme på dagtid.

Auka press, i form av ønske om bruksendring og betre teknisk standard i kombinasjon med at bygningane etter kvart blir eldre og får auka behov for vedlikehald, gjer at vi må sjå for oss eit aukande krav til kunnskap – om gjenreisingsbyane si historie og bygningsmessige status, og om metodar for rehabilitering og vedlikehald.

Sentret må tilby sine tenester til mange ulike kundegrupper, både det breie publikum, huseigarar, planleggarar og politikarar, studentar og forskarar i mange fag. Innhaldet kan vere historisk og teoretisk kunnskap om byforming, regulering, arkitektur og skiltbruk, men og praktisk kunnskap om metodar og teknikkar for bygging og material som vart nytta. Senteret må bidra til å skaffe fram ny kunnskap gjennom forskning, som må vere tverrfagleg og fleirfagleg – mange disiplinær må bidra til at kunnskapen om desse særreignen kulturminna blir forankra så godt at utviklinga av byane skjer i samspel med dei kvalitetane byane har. Senteret sine «oppdrag» vil bli tilsvarende mangfaldig, tenestene og formidlingsformene må vere tilpassa brukargruppene. På sikt må Senteret ha eit ansikt mot omverda, eit besøkssenter. Det skal betjene det breie, allmenne publikummet, med barn og unge som ei sentral målgruppe. Her skal ein fortelle den generelle historia om gjenreisingsbyane, om professor Sverre Pedersen og hans idear, om personane og personlegheitane i gjenreisingsarbeidet. Brytningstider i arkitektur og bygningsteknologi er og eit relevant tema.



Utfordringane. Leigetakarane flyttar ut av sentrum. Ikkje eingang mineralittpuss varar evig.

I egne vedlegg eller som egne rapportar kjem:

Konkretisering av dei mest aktuelle forskingsprosjekta:

Om innhaldet i eit audiovisuelt opplevingscenter (tidsmaskina)

Detaljert utgreiing av dei mest realistiske lokaliseringalternativa i Steinkjer.

Rapport om verksemda i forprosjektperioden.

Forprosjektrapporten berører difor desse viktige momenta relativt overflatisk.

DEL II UTGANGSPUNKTET: HISTORIA OM GJENREISINGSBYANE



Steinkjer. Jac Hanssens perspektiv til 1940-planen (over) og til 1942-planen (under).



«Arbeidet i Brente Steders Regulering fra 1940 til 1945 er enestående i norsk byplanhistorie. Ennå mens røyken steg fra bomberuinene ble planleggingen startet. Det var en merkelig utfordring plutselig å tegne hele byer fra bar bakke, ubundet av hverdagens trege kompromisser.» (Butenschøn 1980)

Gjenreisingsbyane i Norge er unike og bevaringsverdige av fleire årsakar.

Dei er først og fremst den fysiske manifestasjonen av ein viktig periode i norsk historie. Perioden 1940-60 er dramatisk, med krig og okkupasjon, fred og gjenreising, og med bygginga av ein ny velferdsstat, der løysinga av bustadspørsmålet er ei sentral oppgåve. Både Hagebyen og bustadblokka blir lansert og realisert som alternativ både til tett karrébebyggelse for massane og til «de bedrestiltes» frittliggjande villa.

«Boligreformbevegelsens ånd bredte seg vidare bl.a gjennom entusiasmen med arbeidet i «Brente Steders Regulering», gjenoppbyggingen etter krigen, den første områdeplanlegging og sist men ikke minst, entusiasmen og misjonærånden i planleggingen etter Bygningsloven av 1965. Alle disse løftene var preget av både boligsak og by- og regionplanlegging». (Jensen 1980)

Byplanane i gjenreisingsbyane viser spor attende til både klassisk byplan på 20-talet frå den tida byplanlegging for alvor blir eit aktuelt felt i Norge, (ny bygningslov vedteken i 1924) og til modernismens og funksjonalismens gjennombrøt i 1930-åra. Bygningstypene i gjenreisingsbyane viser delvis attende til klassiske ideal, men modernismen bryt etter kvart gjennom.

Gjenreisingsbyane er ein inngang til å forstå Norge i overgangen til velferdsstaten. Dei er også ein inngang til planfaglege problemstillingar: Steinkjer og dei andre byane er gode døme på godt planlagde byar, som mykje på grunn av manglande kunnskap, dels har vorte dårlig tatt vare på i seinare periodar.

BYANE I 1940

Molde

«Det gamle Molde var ein einsarta struktur. Dei relativt små husa stod tett, men innimellom var der opningar som utgjorde små pittoreske plassar. (-) Før krigsutbrotet i 1940 var bygningane i den bomba bydelen prega av at dei var plasserte etter den såkalla addisjonsmetoden i eit nett av trange gater. Hovudgata - Storgata - gjekk tilnærma parallelt med strandlinja, og dermed i ei kurva linje. Bygningane var noko uryddig plasserte i ulik avstand frå gatelinja slik at dei stundom gjekk inn i gateløpet. Gata var på det smalaste mindre enn fem meter brei. Torget hadde ei sentral plassering mellom sjøen og Storgata, men var ikkje ein fullstendig open plass». (Tvinnereim 1992)

Kristiansund

«Kirkelandets bebyggelse før 1940 bestod delvis av et nesten uregulert parti i syd med kringlete og krokete gater, hvorav mange var smale og hadde dårlige stigningsforhold. Den vestre del av Kirkelandet var delvis regulert, men på en noe skjematisk måte. Terrenget er i sin helhet sterkt kupert, delvis meget bratt og vanskelig å behandle i byplanmessig henseende». (Pedersen 1942)

Bodø

«I 1847 ble det første gang vedtatt en slags reguleringsplan for Bodø, som imidlertid var høyst ufullstendig. Seinere ble en ny plan etter krav fra amtmannen vedtatt i 1857. Den ble bestemmende for byens utseende i det sentrale strøk. Bygningsloven krevde den gang at «kvartalene skulle være atskilte ved like gater» dvs. rettlinjede gater, og det preg av sjakkbrettregulering byen den gang fikk har den siden beholdt. (-) Det sentrale byparti med forretningscenteret bestod for det meste av eldre tettbebyggelse i tre. Forretningene holdt i stor utstrekning til i gamle hus lite tjenlige som forretningsgårder, og hvis ramme dessuten var sprengt av det økende plassbehov før krigen» (Pedersen 1944 1).

Narvik

«Brannen i 1940 rammet særlig den nedre del av byens forretningsentrum som ligger på Oscarsborg, samt en del av det tilstøtende boligstrøk. (-) Den brente bebyggelse var mest urasjonell og umoderne trebebyggelse, den nye, som reguleringen muliggjør vil bli av en langt høyere effektivitet.» (Pedersen 1944 2).

Namsos


Frå Namsos vart grunnlagt i 1845 og fram til 1940 var trebyen herja av to bybrannar, den siste i 1897. Dei sentrale delane av byen vart bygd opp att etter eit strengt sjakkbrettmønster – i all hovudsak med trehus. Kombinasjongårdar med forretningar i først etasje og leiligheitlar i 2. og 3. var vanleg, i tillegg til reine bustadhus.



Kristiansund var ein livleg handelsby med 17000 innbyggjarar i 1940. Bejergården i Storgata omkring 1. Verdskrigen.

Steinkjer

Steinkjer vart grunnlagt i 1857. Sørsia vart utsett for ein omfattande bybrann i 1900, og bygd opp att etter eit regelrett sjakkbrettmønster. Trehusa dominerte, med enkelte innslag av større murgårdar, mange i jugendinspirert stil. Nordsia var ikkje ramma av denne brannen – her beholdt bybildet eit mykje meir uregulert, sjølvgrodd gatemønster fram til 1940 – her også i hovudsak trehusbebyggelse med enkelte murgårdar.



Steinkjer ca 1938 (over). Bebyggelse på Sørsia er knapt 40 år gamal, reist etter bybrannen i 1900. Bombinga 21. og 22.april 1940 utsletta over 80% av byen (under).




BRENTE BYAR - NYE PLANAR

Våren 1940 vart i alt 23 norske byar og tettstadar øydelagde under krigsherjingane. Det engelske språket fekk eit nytt ord etter bombinga av Namsos: «to namsosize» – å utslette fullstendig, 60% av Kristiansund forsvann, i Steinkjer låg over 80 % av bebyggelse i ruinar. Ansvaret for reguleringsarbeidet i dei krigsskadede byane og tettstadane vart gitt til eit nytt statleg organ: «Brente Steders Regulering» (BSR) oppretta av Administrasjonsrådet (oppnemnd av Høgsterett 15.april) i slutten av juni 1940. I 1944 vart alle byane og tettstadane i Finnmark og Nord-Troms lagt øyde da tyskarane trekte seg ut. BSR fekk ansvaret for gjenreisinga etter krigen. BSR opphøyde i 1952.

Sverre Pedersen

«Bekrefter herved oppdraget gitt meg fra Steinkjer formannskap og herr stadsingeniør Gregusson om å utarbeide en revidert byplan for de brente strøk i Steinkjer i tilknytning til den av meg tidligere utarbeidete byplan for byen og en del av omegnen». (Brev i kommunens byggesaksarkiv) Dette korte brevet frå professor Sverre Pedersen er datert Trondheim 26. mai 1940, vel ein måned etter at tyske bombefly nærast hadde utsletta småbyen.

Styresmaktene i dei brente byane sto bokstaveleg tala midt oppe i ufattelege utfordringar da brannane hadde slukna etter den tyske bombinga. Men dei visste i alle fall kor dei skulle gå for å få laga ein ny byplan. Professor Sverre Pedersen ved NTH i Trondheim var truleg landets fremste byplanleggar og også ein anerkjent internasjonal ekspert på området. Og han var kjent i mange av dei brente byane. Før krigen hadde han laga byplanar både for Åndalsnes, Kristiansund, Molde, Steinkjer, Narvik og Namsos. Så seint som i 1933 hadde han revidert sin eigen byplan for Steinkjer, eit oppdrag han hadde fått i 1924. Formannskapet i Steinkjer handla raskt, Pedersen kom til byen 22. mai. Då hadde han allereie vore innom både Kristiansund og Molde og forhandla om liknande oppdrag. *«Byingeniør Sverre Dørum i Molde hadde alt 28. april - altså dagen før bombinga tok slutt*



Brente Steders Regulering. Professor Sverre Pedersen bakerst til høgre i mørk dress

- sendt eit utkast til ny byplan for Molde til Pedersen». (Tvinnereim 1992) Pedersen aksepterte alle oppdraga. Overalt ville folk ta fatt på gjenreisingsarbeidet straks, dei ville ha spaden i jorda før tæla kom. Allereie 7. august kjem brev nr. to til stadsingeniør Gregusson i Steinkjer: « I egen rull oversendes Dem utkast av reguleringsplan for Steinkjers sentrum således som den er blitt etter bearbeidelsen i den senere tid i henhold til ønsker og opplysninger De har gitt». (Brev i kommunens byggesaksarkiv)

Det første brevet kjem frå Pedersen personleg, følgjebrevet til tegningsrullen har «Brente Steders Regulering» som avsendar. Sverre Pedersen vart spurd om å vere sjef i BSR fra 1. juli. «Man mente formodentlig at den lokalkjennskap jeg hadde til de fleste av disse steder vilde være nyttig» (Pedersen 1943 1).

Kort biografi - Sverre Pedersen

«Nær sagt alle byer i landet har på en eller annen måte vært i forbindelse med Pedersens planlegging, ofte har han levert konkrete planer». (Jensen 1980)

«Sverre Pedersen (1882-1971) var professor i byplanlegging ved Norges tekniske høgskole (NTH) i over 30 år, og han stod bak meir enn 100 reguleringsplanar for norske byar og tettstader. Pedersen voks opp på Lademoen. Han tok eksamen på arkitektavdelinga ved Trondhjems Tekniske Læreanstalt 1901 og studerte ved den tekniske høgskolen i Hannover 1902–03, deretter ved høgskolen i Charlottenburg ved Berlin. Han vart tilsett i Trondhjems kommunale bygningsvesen 1905, frå 1908 som avdelingsarkitekt, og 1914–20 var han stadsarkitekt. Frå 1913 underviste han dessutan ved NTH, og 1920 vart han utnemnd til professor i bygningskunst og byregulering der. Han sat i denne stillinga til han gjekk av med pensjon 1954. (-) Sverre Pedersen er best kjend som byplanleggjar, og han var ein nybrottsmann på feltet. Alt 1913 la han fram ein plan for Sør- og Austbyen i Trondheim saman med den svenske ingeniøren Fritz Berger. Totalt laga han meir enn 100 planar for norske byar og tettstader, og han kom til å setje sitt preg på norsk byforming gjennom store deler av 1900-talet. Planane viser at han var oppteken av det typiske i samtida. Som grunnlag for arbeidet med planane undersøkte han lokale geografiske forhold, særprega terrengformasjonar, utsiktspunkt, økonomiske vilkår og det norske, lokale stilpreget og miljøet i arkitekturen på vedkomande stad.(-) Pedersen var leiar av organisasjonen Brente Steders Regulering (BSR) 1940 – 45. (-) Han var òg ein etterspurd foredragshaldar, og han heldt gjesteforelesingar ved fleire utanlandske universitet. Då den engelske Housing and Town Planning-rørsla breidde seg i Europa, var han med frå starten. (-) I 1936 vart han æresdoktor ved den tekniske høgskolen i Darmstadt, Tyskland, og han fekk Kongens forteneestmedalje i gull 1961». (Norsk Biografisk Leksikon. Forfatter: Helga Stave Tvinnereim)

BSR og arbeidet med byplanane - Den første planen ferdig 10.september 1940

«Det var oppgaver nok. Det gjaldt bare om å få fagfolk i sving med dem. (-) (Arbeidet) ble i den første tiden rent feltmessig ledet, i det sentralpunktet ble 2 utlånte tegnesaler på NTH, som for et par måneders tid ble ledige.»(Pedersen 1943 1) Her vart dei fleste medarbeidarane samla. Mange fagfolk var utlånt frå Oslo og Aker kommune (mellom andre Erik Rolfsen, seinare BSR-sjef og byplansjef i Oslo). Pedersen nemner spesielt

arkitektane Claus Hjelte, Nils Holter og John Hornthvedt. Arkitekt og bildekunstnar Jac. Hanssen vart innkalla for å illustrere planane med perspektiviske akvarellar. Ulike arkitektar vart sende til dei brente byane. Hjelte fekk ansvar for Namsos og Steinkjer. Pedersen framhever samarbeidet med lokale styresmakter og fagfolk – på Steinkjer byingeniør Gregusson. «Med disse var kontakten intimt knyttet fra første stund, og er det fremdeles. Deres kjennskap til byen, deres innsikt i de tekniske og økonomiske forhold på stedet er det fundament byplanarbeidet hviler på.» (Pedersen 1943 1)

Krigsskadetrygdens styre oppnemnde også også distriktsarkitektar, som BSR samarbeidde med. Distriktsarkitektane skulle vere «de nødvendige bindeledd mellom det byggende publikum og de lokale myndigheter og Krigsskadetrygdens Gjenreisningsnemnd». Distriktsarkitekten skulle utøve kontroll «for å søke hindret at utilfredsstillende regulerings- og byggeplaner kommer til utførelse» og utøve «kontroll av selve byggearbeidene», dvs godkjenne tegningar og planar, i utgangspunktet ikkje delta i planlegginga. (Pedersen 1943 1) Hermann Semmelmann hadde denne stillinga i Trøndelag.

Som nemnt var det eit sterkt press frå lokalt hald for på få planane ferdige raskt. 29. juni, dvs allereie før BSR er oppretta, noterer Pedersen i sin 7de Sans (Sverre Pedersen-arkivet i Arkivsenteret Dora) at hovudlinene i Moldes byplan er vedtatt, truleg lokalt. Allereie 10. august var dei seks første planane ferdige. 1. september noterer han i 7.sansen: «reist til Oslo m 3 byplaner Molde, Steinkjer, Namsos». 4. september heldt han pressekonferanse i Regjeringsbygningen i Oslo, der han presenterte dei tre planane. 10.september vart dei lagt ut lokalt til offentlig godkjenning. Planen vekker ein del motstand i Steinkjer:

«Undertegnede, eierne av tomterne på nordøstre side av Øvre Elvegata har med forferdelse erfart (...) at bebyggelsen av dette strøk foreslåes regulert således, at gårdene skal vende med gavlen (tverenden) mot gaten med en forhøved mellem bygningerne og gaten. Dette blir helt ruinerende for dette strøk som forretningsstrøk. Den nordøstre side av Øvre Elvegata var før branden det beste forretningsstrøk i hele Steinkjer», skriv tomteeigarane.

Brevet er datert 17. februar 1941, men utsegna må referere til byplanen fra september 1940, berre kjend frå modellfoto. På Nordsia protesterte kjøpmann Nordbotten mot det store torget Pedersen hadde plassert på hans tomt:

«Etter denne plan er min tomt nr. 126, og nabotomta og andre tomter i dette kvartal utlagt til åpen plass. Min tomt er uten tvil den absolutt beste beliggende forretningstomt på Nordsia i Steinkjer, samtidig som den er en av bydelens peneste beboelsestomter, vent som den er mot syd med utsikt tvers gjennom byen over torvet. Er den plassen som er innlagt på byplana så nødvendig for byen at en slik pen og verdifull forretnings- og boligtomt absolutt må ofres?» (Brev i kommunens byggesaksarkiv).

Tyske styresmakter grip inn – nye planar lagt fram våren 1941, stadfesta i 1942

25.september 1940 sette Josef Terboven Administrasjonsrådet til sides og innsette i staden sitt Reichskommissariat. Tyske styresmakter grip no meir direkte inn i BSR sitt arbeid. Allereie 7. september hadde Pedersen notert i sin 7de Sans : «Fik Luthers brev om tysk interesse for byplanarb.». Oberbaurat Hans Stephan kom



BSR-planane. Dei første planane var klare i september 1940, før tyske styresmakter meldte si interesse for byplanlegginga. Omarbeidde planar var klare i 1942 (over 1942-planen for Steinkjer). Etter frigjeringspartiet vart planane utlagde på ny høyring og ny behandling og vedtekne i 1946. (Under 1946-planen for Namsos)



frå Tyskland og reiste saman med Baurat Luther og Pedersen rundt til alle byane og gjennomgjekk planane på staden. Stephens generelle merknad var «at det var tat litt for meget hensyn til de lokale forhold og private grunneierforhold. Han ønsket også litt større dimensjoner på enkelte gater og en mer bevisst utforming av plassanleggene». (Pedersen 1943 1) På grunnlag av dette utarbeidde BSR nye planar, som var ferdige da BSR-kontoret og ein del andre arkitektar dro på studietur til Berlin tidleg i november 1940. Ved avreisa fra Berlin omlag ein måned seinare kunne Stephan meddele at dei nye planane var godkjende. Planane vart lagde fram i løpet av første halvår 1941 (Namsos som den første, i januar) og etter ei ny bearbeiding stadfesta i 1942. (Molde den første, i mars). Desse planane gjeld som reguleringsplan, men lite blir bygd. Delvis er det byggeforbod, og elles stor mangel på bygningsmateriale. BSR-kontoret arbeider vidare – frå tysk hald blir det ytra ønske om skissemessig arkitektonisk bearbeiding, for å vise korleis bebyggelsa er tenkt. Dette, og ein del justeringar og mindre endringar av byplanane held BSR i aktivitet gjennom resten av krigen.

Dei nye planane vekker også lokal motstand – i alle fall frå nokre hald: I Steinkjer skriv gårdeigarane i Øvre Elvegata på nytt:

«I tilslutning til vor skrivelse av 17de f.m (...) Den gang gik vi ut fra, at vi skulde få anledning til å bygge på vore tomter, enskjønt vi fandt, at plaseringen av bygningerne på tomten var høist upraktisk for et forretningsstrøk. Da nu de endelige planer foreligger, erfarer vi, at der overhovedet, ikke skal bli nogen bebyggelse i dette strøk. Vore tomter skal bli tat fra oss, så vi ikke skal få anledning til å drive vore forretninger på de gamle tomter» (Brev i kommunens byggesaksarkiv).

Reviderte planar 1946

Lite vart bygd under krigen innafor dei brannherja strøka. Etter frigjeringspartiet i mai 1945 er det i starten eit sterkt ønske om å revidere byplanane, både frå fagleg hald og frå lokalbefolkninga i gjenreisingsbyane.

I Molde «var ein særleg oppteken av utforminga av torget, og det blei påstått at dette var laga slik for at det skulle bli ein høveleg oppmarsjplass for tyske soldatar». Men «torgsaka» kom til å stå meir eller mindre i stampe heilt fram til 1955 då Sverre Pedersen igjen vart kontakta for å lage ein plan for torgplassen her. Det gjorde han, og vi er tilbake til ideen fra sommaren 1940. Pedersens kongstanke om å fange inn den storslåtte utsikten mot fjorden og Romsdalsalperne fekk no aksept i bystyret, og bygginga kunne ta til. (Tvinnereim 1992).

I Kristiansund gjekk diskusjonen tyngst omkring det sentrale parkbeltet. Her, som i Steinkjer, ville grunneigarane bygge på dei opprinnelege tomtene sine og fekk i utgangspunktet støtte i formannskapet, men møtte motstand blant fagfolk: «En rekkebebyggelse i tre på disse to kvartaler vil (-) på en særdeles uheldig måte oppdele parkområdene og helt kverke den vakre rytme, som på en så fortrinlig måte er oppnådd» (Grimsgaard 1946). Resultatet vart at parkdraget i hovudsak berga, den nye kjerka i Kristiansund vart plassert i enden av parken.

Steinkjer

Arkitekt Jens Per Jensen er leiar for BSR-kontoret i Steinkjer i 1945. Ved frigjeringa markerar han tydeleg avstand til visse sider ved den planen han til da lojalt har arbeidd med: «*Utforminga av de sentrale partier synes stiv og flere steder bestemt av symmetrikrav alene. ...En eller annen privat grunneier dikteres til å bygge sitt hus over en sirkulær grunnplan*». Jensen har òg faglege innvendingar mot sentrums-plassen med dei offentlege bygningane: «*Formen er sterkt bundet av de omgivende gatelinjor. Byggene er avskåret fra enhver kontakt med parkmessige omgivelser*». Jensen foreslår difor å fjerne både sentrums-plassen «*som omfatter meget verdifulle og lett omsettelige tomter*» og torget på Nordsia. Vidare: «*...de fleste offentlige bygg samles i kvartalene nærmest elven, og kvartalene utformes som parker hvor de enkelte bygg fritt grupperes, uavhengig av annen bebyggelse*» (Dokument i kommunens byggesaksarkiv). Den reguleringsplanen som blir vedteken i 1946 følgjer dette synet. Men ein kan merke seg at den moderne blokkbebyggelsa i Skolegata og Ølvegata enno ikkje er regulert inn. (Meir om dette nedanfor).

Liknande skarpe førstereaksjonar, med seinare aksept av hovudlinene i Pedersen sine planar, kjenner ein også fra andre gjenreisingsbyar.



Sentrums-plassen i Steinkjer med sine «meget verdifulle og lett omsettelige tomter» forsvann fra Steinkjers byplan med revisjonen i 1946. (Fra Byggekunst 1943).

SVERRE PEDERSENS BYPLANIDEAR

Noko forenkla kan ein seie at Sverre Pedersens sine byplanar er tufta på tre grunnsetningar, som alle er lette å lese i gjenreisingsbyane, kan hende spesielt i Steinkjer.


Barokken

Hovudgrepet i det barokke byplanidealet Sverre Pedersen var inspirert av, er utsiktsakse og fondmotiv. Gatene skal vere rette og breie, ikkje i eit regelrett rutenett, men slik at dei har ei markant bygning eller eit markant naturmotiv i enden – i fonden. I Steinkjer er dette særst tydeleg. Kongens gate går i rett line sør – nord, med Brannstasjonstårnet i fonden. Tverraksane har kapellet og Regimentsboligen som fondmotiv i aust – mot vest åpna dei seg mot fjorden; for Pedersen var det også viktig med utsikt mot naturen. Utsikten mot sjøen vart dessverre borte på eit tidspunkt da andre byplanideal rådde grunnen. Sørsileieret vart oppfylt med gateløp og kvartalsinndeling som ikkje forhold seg til utsiktsaksane i Gjenreisingsbyen. Men Kongens gate åpnar seg framleis mot Ofteåsen («*et vakkert formet byfjell*») i sør. Kaibakken i Kristiansund var opprinneleg tenkt med kjerka som fondmotiv i vest, Tustnafjellet og Nordsundbrua, ei spektakulær halvsirkelforma fagverksbru i aust. I staden for kjerka kom det ein bank, og då det kom ny bru, vart den gamle fjerna. I Molde og Bodø åpnar gatene seg mot fjord og fjell, i Namsos er Bjørumsklommen fondmotiv i Hamnegata, i Narvik var tårnet på Rådhuset tenkt som fondmotiv for Kongens gate og så vidare.



Ein barokk utsiktsakse. Kongens gate i Steinkjer slik BSR tenkte seg den, (over til v) ca 1970, (over til h) og i dag (under).





Ebenezer Howards storslagne visjon (over) inspirerte til «Hønby'n» i Steinkjer (under).



Hagebyen

Den mest sentrale oppgava for arkitektar og byplanleggjarar i det 20. hundreåret var løysinga av bustadspørsmålet – å gje alle ein sosialt akseptabel bustad til ein sosialt akseptabel pris. I Steinkjer kan ein med nokre hundre meters mellomrom sjå begge løysingane: hagebyen og bustadblokka. Pedersens eige ideal er hagebyen: *«Mennesket oppfattet som matematisk størrelse har ført til kasernestrøkene og enværslersleilighetene – menneskene oppfattet som levende væsen fører til havebytanken»* (Jensen 1980)

I 1905 vart Pedersen tilsett i det kommunale bygningsvesen i Trondheim, frå 1914 som stadsarkitekt. Dermed kom han raskt i kontakt med bustadspørsmålet. Han var med frå starten i «Norsk forening for Boligreformer», som på mange måtar peikar framover mot dei kollektive bustadbyggelaga som etter krigen verkeleg løyste bustadkrisa, og han tegna sjølv mange område for sosial bustadbygging i Trondheim. Pedersen sverga til «den engelske hagebyen», som den vart heitande fordi det var engelskmannen Ebenezer Howard som først sette fram ideen i boka «The garden cities of tomorrow» (1902). I Pedersens plan for Steinkjer ser vi tydelege innslag av hagebyen. Både Svenskbyen, Påssåby'n på Sørsia og Hønby'n på Nordsia er små hagebyar, der folk bur i to- og firemannsbustadar med hage omkring. Ingen leigegårdskasernar, ingen høghus, nesten ingen einebustadar. I nyreisingsbebyggelsa utanom brannstrøka er óg hagebyidealet gjennomført: Guldbergaunet, Trana, Milbo-området på Skjefte, Skjervetrøa på Nordsia.

Svenskbyar og nyare bustadstrøk utforma som hagebyar finn ein i samtlige gjenreisingsbyar, den mest vellykka Svenskbyen finn ein truleg ved Finnbekken i Narvik.

Landskapets form

Kontakten mellom byen og omgivelsane var viktig for Pedersen. Han let bebyggelsa understreke og framheve karakteristiske former i terrenget og opna for vakre utsikter til naturen gjennom parkbelte eller breie gate- eller torganlegg. I sær var han oppteken av høgdedrag og «traug» i terrenget. Han var også oppteken av vatn – elva og fjorden. Analysen av terrenget blir viktig for løysinga av kvar enkelt byplanoppgåve.

Dette var noko nytt i byplanlegginga:

«Bruddet med forgjengerne var mest synlig ved den måten Pedersen lot terrenget bestemme byutforminga. Han ville forene linjeføringene mellom ulike terrengformasjoner, forene de «regelmessige Terrængpartier» med en «malerisk Linjeføring i Terrængets uregelmessige Dele «til en samlet helhet. Dette er Pedersens landskapsbarokk, og det er i syntesen mellom by og omgivelser, bebyggelse og natur, og aksiale linjer og terrengformasjoner at vi finner hans særpreg»(Svendsen 2007).

I Namsos festnar Sverre Pedersen seg ved forholdet mellom byfjellet – Bjørumsklumpen og bebyggelsa på neset nedanfor. Her ser han ein klar parallell til antikkens greske byar, med byfjellet – akropolis og torget, agora liggande under.

Om Molde skriv Pedersen:

«Terrenget er gryteformet med en smal og lav strandbredd, som har sin største utstrekning i bunnen av bukten. Terrenget bakenfor stiger forholdsvis bratt. Det falt naturlig å la buktens vikende linje utvikles videre innover i reguleringen ved å legge det nye rommelige torget ved bunnen av bukten og utvikle det videre oppover mot høyereliggende terreng. (-) Plassanlegget får til en viss grad karakter også av å være en almenning, et åpent rom som fra sjøen går vinkeleret opp i bebyggelsen, et trekk som er karakteristisk for flere norske kystbyer (-)» (Pedersen 1943 1).

Landskapet i Steinkjer blir tolka slik:

«Byen ligger på begge sider av Steinkjerelva, for det meste på flatt eller svakt hellende terreng. De to deler kalles henholdsvis «Nordsia» og «Sørsia». Begge bekrones av terrasse, av hvilke den med furuskog bevoksede terrasse på «Sørsia» danner en meget virkningsfull bekroning av byområdet, særlig tar den seg godt ut fra fjorden. Nord for den ligger Eggehvammen, en merkelig skarp og langstrakt terrengrygg med de historiske steder Egge kirke og Egge gård, hvorfra man har et vakkert panorama ove Steinkjerbukta med byen, mens i sør et vakkert formet fjell, Offenåsen, danner en virkningsfull bakgrunn, og dessuten også byr på en vidstrakt utsikt over byen og omegnen. (-) Elveskrentene var før brannen i 1940 atskillig bebygget på «Sørsia», hvor en større sammenhengende bakgårdsbebyggelse tok seg dårlig ut, og var sterkt synlig fra brua. En oppgave var det derfor å skaffe pene fronter mot elva, som er det takknemligste motiv å arbeide med når det gjelder byplanen i Steinkjer, og hvor det er særlige muligheter til stede for å skape interessante og vakre bybilder.» (Pedersen 1943 2)

ETTERTIDAS SYN PÅ PLANANE

Rett etter krigen vart det retta sterk kritikk mot BSR-planane og mot Sverre Pedersen.

«Det er trist at saa mange af Norges byer er ødelagte under krigen – men de kan da bygges op igjen. Betydelig verre er det om den, historisk set kortvarige, tyske okkupation, for tid og evighed skal efterlade sig den slags mindesmærker om nazistisk overmod og geskæftighed».

Den dansk-norske arkitekten Edvard Heiberg er ikkje nådig i sin dom over BSR sine byplanar i Byggekunst nr. 1 1945. (Heiberg 1945). Andre, som Erik Rolfsen, meiner derimot at BSR-planane er «typiske Sverre Pedersen-planar» og dei fleste som har granska dei enkelte byplanane meir inngående, ser ut til å vere mest samde med Rolfsen.

«Det kan difor ikkje påvisast at tyske, nasjonalsosialistiske idèar eller syn på bygningstypar og byplanlegging har hatt innverknad på den endelege utforminga av Molde etter bombinga. Det viser tvertimot at det var dei norske ideane, frå BSR og lokale krefter i Molde, som blei godkjende og lagt til grunn for vidare arbeid. Grunnlaget var altså lagt før Terbovens inngrep 23. september 1940» (Tvinnereim 1992).



Kaibakken i Kristiansund. «En utmerket utsikt får man med en rett linje, en unnabakke og et vannspeil», sa Sverre Pedersen i eit intervju.



Namsos (over) og Åndalsnes (under). Ein viktig arv å studere og forvalte.



Og det vart ikkje gjort store endringar i planane. Synet på dei nye byane som vaks fram var igjennomgåande positivt:

«Bolingstandarden i Steinkjer, som hadde vært høy allerede før krigen, hadde blitt forbedret som følge av gjenreisningen. Leilighetene var større, og utstyrsstandarden var bedre. En journalist fra Arbeiderbladet besøkte byen i 1948 og var begeistret: «Er det noen som savner de 'småkoselige' partiene fra før, vil denne rommelige åpenhet i anlegget mer enn oppveie savnet» (Kilde Johan Hoffmans arkiv). (Reiersen og Thue: 1996)

«Slik som byen ligger i dag (1956) , må en si at den er blitt en stilren og vakker by, moderne i hele sin utforming» (Ulseth 1977).

60- og 70-talet er av nokre kalla «Norsk Veiplan»-perioden i norsk planlegging. Dei fysiske realitetane i Steinkjer viser at planlegginga av dei nye bydelane Sørsileiret og Nordsileiret skjedde utan at det vart tatt omsyn til, eller prøvd å føre vidare prinsippa i, byplanen fra 1942/46. Aksene er ikkje forlenga, utsynet mot fjorden er stengt att, det er ikkje tatt omsyn til plassdanningar eller torg, tomtene er store, det er ingen tydelege gatebilder, det er litt grønt, men ingen samanhengande parkdrag. Å «skape interessante og vakre bybilder» er ikkje lenger ei prioritert oppgåve blant planleggarane.

1980-talet signaliserar ei ny interesse for fenomenet gjenreisingsbyen mellom fagfolk: Redaktør for fagtidsskriftet Byggekunst, arkitekt og byplanleggar Peter Butenschøn, viste stor interesse for denne epoken og samla mykje stoff i Byggekunst nr. 5 1980: *«Molde, Bodø og de andre byene står der som resultater. Det er en viktig arv å studere, og norske arkitekter er forhåpentlig ikke så historieløse at de lar dette materialet ligge ustudert stort lenger»* (Butenschøn 1980).

Skjedde dette? I 1984 vart det levert ein hovudoppgave om opprusting av uteareal i Steinkjer sentrum ved NLH (Ås). Ein kjenner også til at det er gjort diverse studentoppgaver ved NTNU i byanalyse Steinkjer 1992, og eit diplomarbeid om byutvikling i Steinkjer (NTNU) 1993. Ein diplomoppgåve frå Bergen Arkitekt Skole 2009 tek for seg Kristiansund, studentar frå Arkitektthøgskolen i Oslo (AHO) arrangerte ein workshop i Molde i 2010. Rolf Jensen si doktoravhandling «Moderne norsk byplanlegging blir til» (frå 1980) gir ei grundig innføring i Sverre Pedersen si byplantenking og såleis i bakgrunnen for BSR-planane, men avsluttar eigentleg framstillinga før denne epoken. Helga Stave Tvinnereims doktorgradsavhandling «Det nye Molde: ein studie av gjenreisninga etter bombinga i 1940 på bakgrunn av ulike retningar innan europeisk bybyggingkunst og med særleg vekt på professor Sverre Pedersens planarbeid for norske byar og tettstader» kom i 1986.

«Gjenreisningsbyene har en helhetlig og karakteristisk bebyggelse. Professor og arkitekt Nils Ole Lund (Danmark) har betegnet disse byplanene som de beste byplanprosjektene i Norge etter krigen» (Schmidt og Wilhjelm 1999).

I boka si «Byen – en bruksanvisning» (2010) viar Peter Butenschøn eitt kapittel til BSR. Han skriv mellom anna at *«alle BSRs planer (måtte) forellegges tyske myndigheter for revisjon og godkjenning. Det ble forlangt større vekt på utforming av gater og plasser, «rene, klare, storskårne linjer som var mer i pakt med dy-*

namikken i de nasjonalsosialistiske ideene», som Albert Speers nærmeste medarbeider Hans Stephan belærte BSRs medarbeidere i oktober 1940» (Butenschøn 2010)

Det vil vere interessant ut frå fleire synsvinklar å undersøke nærare korleis synet på gjenreisingsbyane har endra seg frå 1945 og fram til i dag, både mellom fagfolk, på politisk nivå og mellom folk flest.

DAGENS SYN PÅ GJENREISINGSBYANE

Frå midten av 1990-talet veks det fram ei ny interesse både nasjonalt og lokalt for gjenreisingsbyane. Statens byggeskikkutvalg set tema på dagsorden i ein konferanse i 1995. I 1997 arrangerte Gjenreisningsmuseet i Hammerfest seminar om gjenreisningsbebyggelsen. Riksantikvaren og Miljøverndepartementet ser i dag på gjenreisingsbyane som verdfull kulturarv:

«Gjenreisningsbyen Hammerfest med sin byplan og sine bygninger vurderes å være av nasjonal kulturminneinteresse» (Miljøverndepartementet 2001). «Hovedfokus for Riksantikvarens vurdering er at gjenreisningsbebyggelsen i Molde som kulturmiljø er av nasjonal verdi» (2009). «Kristiansund er ein av dei best bevarte gjenreisingsbyane i Noreg, og det planlagde hotellbygget og gangbrua vil komme i konflikt med ein av hovedaksane og utgjere framandelement i byen» sa Riksantikvaren i 2008, og hotellplanane vart stoppa. «Økt kunnskap om gjenreisingsarkitekturens verdi vil bidra til en fortsatt respektfull behandling av denne bebyggelsen», seier Miljøverndepartementet. I 2006 valde ICOMOS NORGE (International Council on Monuments and Sites, en «non-governmental organization» for fagfolk som arbeider med kulturminnevern) BSR-planen for Kristiansund som eitt av «de viktigste kulturminnene fra det 20. århundret...».

Dagens syn - med Steinkjer som døme.

Det har ikkje vore gjort noko form for «retrospektiv omdømmeundersøking» av gjenreisingsbyane. Det følgjande er såleis meint som illustrasjonar av ei hypotese, med Steinkjer som døme, om at omdømmet har svinga frå eit overveidee positivt syn på ein ny og moderne by, til eit overveidee negativt syn på ein nokså trist og preglaus by, til atter eit meir positivt syn på at dette er verdfull kulturarv.



Freda gjenreisingshus i Kristiansund. Hauggata 26. Arkitekt Leonard Løberg.



Mentalitetsendring i Steinkjer. Til høgre på bildet ser vi Gjensidigegården fra 1990-talet, den framspringande bygningskroppen heilt til høgre er bygd utan tanke på tilpassing til gjenreisingsarkitekturen. I 2003 er dette annleis. Nybygget til venstre på bildet er fint tilpassa med omsyn til takform, takvinkel, gesimshøgde og vindusutforming.

Det positive synet på 1950-talet på Steinkjer er omtalt ovafor. Det er ikkje lett slå fast når dette endra seg. Dei store oppfyllingsprosjekta på 70-talet – Sørsileiret og Nordsileiret og reguleringa av dei, vart gjennomførte utan at det vart sett i samband med BSR-planen. Så seint som i 1988 var det ingen stor debatt omkring Brugata 2, som nok er den enkelsaka i Steinkjer som har øydelagt mest for gjenreisingsbyens særpreg. « 'Brygga' i Brugata er blitt et nytt landemerke og dette har langt på vei overtatt som Nordsias signal og ansikt mot sør. Den har da også aktivisert sitt nærområde. (-)..et romdannende og fargerikt ansikt vendt mot Sørsia» (Asplan/Viak 1997). Heller ikkje om- og tilbygginga av Skolegt 12-14 (Gjensidigegården) i 1990 og 1999, som også er ei markant endring av gjenreisingsarkitekturen langs dette gateløpet, vart debattert.

I 1995 blir synet på Gjenreisingsbebyggelsa som verneverdig for første gang(?) prøvd politisk i Steinkjer. Saka galdt ein klage på avslag på søknad om takoppløft. I saksframlegget skriv saksbehandlar, bygningssjef Hallgrim Bremset mellom anna «Statens byggeskikuttvalg satte i 1995 spesielt fokus på gjenreisingsbebyggelsen bl.a gjennom seminaret 'Gjenreisningsbyene – den glemte kulturarven'.» (iflgj saksvurdering sak 96/2004 hovudutval for teknisk sektor). Med dette som bakgrunn innstiller han på avslag, men klagaren fekk medhald i hovudutvalet. (Saksdokument i kommunens arkiv)

I 2004 arrangerte Steinkjer kommune i samarbeid med Husbanken eit to-dagars seminar «Gjenreisning i Sentrum» – ei utstilling, eit fagseminar, eit kurs i mineralittpuss og eit åpent og godt besøkt møte for lokalbefolkninga. Arrangementet var ein del av prosjektet «Attraktive Steinkjer». Fagseminaret samla deltakarar frå dei fleste Gjenreisingsbyane. Eit direkte resultat av dette seminaret var at Husbanken Region Midt tok initiativ til eit nettverk for Gjenreisingsbyane i Midt-Norge. Ideen om eit nasjonalt senter vart også lansert under seminaret.

I Steinkjer har det skjedd ei mentalitetsendring som kan illustrerast gjennom eit bilde tatt frå krysset Skolegata/Svein jarls gate (bildet til venstre). Det eine bygget er Gjensidigegården. Kommunen stilte her ingen krav om tilpassing til eksisterande bebyggelse, arkitekt(ane) og byggherr(ane) hadde heller ikkje auge for desse kvalitane. Det andre - Gjensidige sitt nybygg frå 2003 erstattar eitt av dei to gjenreisingsbygga som fysisk er rivne. Klar haldning fra kommunen si side og etter kvart aukade forståing hos byggherre og arkitekt om det unike i miljøet har gitt eit funksjonelt og moderne bygg som tilpassar seg – eit døme på god byggeskikk.


Denne mentalitetsendringa nedfeller seg også tydeleg i kommunen sitt planverk. I kommuneplanen for 2004-07 heiter det :

«Det gamle sentrum på Sørsida og Nordsida har en enhetlig arkitektur som er typisk for gjenreisingsbyene. Denne arkitekturen gir det gamle sentrum et spesielt preg, som det er både mulig og ønskelig å bevare. Steinkjer kommune bør ta initiativ overfor gårdeierne om en samlet oppfølging av gjenreisingsbebyggelsen, slik at den kan bli et distinkt element i Steinkjers stedsprofil».

Med utgangspunkt i dette laga kommunen i 2006 ein eigen estetisk vegleiar. Vegleiararen seier dette om Gjenreisingsbyen:

«Innen den delen av byen som omfatter gjenreisingsbyen (Nordsia og Sørsia) skal det ved nybygging og restaurering vises særlig omtanke for å ivareta gjenreisingsbebyggelsens kvaliteter. Dette gjelder både mht. skala, struktur og enkeltbygg...»

Namsos Kommune
Teknisk seksjon
Formingsveileder



Odd Thorsen
Design &
Arkitektur

I 2008 vart størstedelen av gjenreisingsbebyggelsa på Nordsia regulert til spesialområde med formål bevaring:
«Bygninger som er regulert til bevaring tillates ikke revet. Bygningene er regulert med eksisterende gesimshøyde, takform og høyde. Bygningene kan istandsettes under forutsetning av at målestokk, takform, fasader, inngangspartier, dør- og vindusutforming og materialbruk opprettholdes eller mest mulig tilbakeføres til opprinnelig utførelse. Bevaring av fasade og takflate mot offentlig gate skal vektlegges sterkest. Tilbygg mot gårdsrom kan tillates, men skal i hvert tilfelle avveies i forhold til verdier som bevaringsverdig bebyggelse har mot denne side»

I kommuneplanens arealdel 2009 heiter det at:

«Steinkjers karaktertrekk som gjenreisningsby skal ivaretas og tydeliggjøres gjennom planarbeid og konkrete tiltak. - Sterkere vektlegging på estetikk og byggeskikk generelt, og særlig knytta til Steinkjers kulturarv som gjenreisningsby, trøndertun/ trønderlån, og for øvrig bygninger i kulturlandskapet.»

Andre byar

I Bodø vart det laga ein **kulturminnevernplan** i 2005 der store delar av sentrum vart foreslått regulert til spesialområde bevaring. Seinare er dette følgt opp med reguleringsplanar.

I Molde er Storgata 41 regulert til spesialområde bevaring. Det er også Storgata 21, 23 og 25, Storgata 37 og 39, Storgata 43 og 45, Storgata 55 og 57, Hamnegata 45, Amtmann Krogs gate 5 og Kirkebakken 1 og 3. *«For disse eiendommene blir det akseptert at toppetasjene kan ombygges «i tråd med gjenreisningsbyen som kulturmiljø». Men før kommunen behandler søknader om bygningsmessig endring av eksteriøret på disse gårdene skal søknaden legges fram for Fylkeskonservatoren for vurdering og uttalelse».*

Det er laga estetiske vegleiarar/formingsvegleiarar for fleire gjenreisingsbyar. Formingsvegleiar for Namsos sentrum er utarbeidd av Odd Thorsen og Reiulf Ramstad i 1997. Elverum kommune fekk i 2001 ein estetisk vegleiar for området «Leiret». Alta kommune fekk sin byggeskikkvegleiar i 2004. «Gjenreist og særpreget - en planleggings- og utbedringsveileder for hus og steder i Nord- Troms og Finnmark» er utgitt av Husbanken i 2007.

EIN GJENREISINGSBY I 2010

Dette avsnittet handlar om korleis ein gjenreisingsby ser ut i dag, igjen med Steinkjer som døme.

Bystruktur – landskapet.

«Da terrenget gir anledning til det, har en villet gi senteret i Steinkjer et åpent og rommelig preg som motsvarer ønsket om at byen kunde utformes som en hageby. Det er derfor også foreslått rikelig med beplantninger og flere parkgater som slutter seg til de vakre bevarte skogpartier i begge bydeler». (Pedersen 1943 2)

Kongens gate frå Torget mot sør.



Kongens gate mot sør frå Rådhuset



Samfunnshuset på Torget.



Åpen kvartalsstruktur - Svein Jarls gate.



Bustadblokk frå ca 1950.



Bystrukturen i brannstrøket – Sørås

Den snorrette Kongens gate utgjør den urbane akse i sentrum. Her er det murtvang, husa er bygde i tegl eller betong, med nøkterne fasadar i puss eller mineralittpuss, med innslag av dekorstein i første etasje, der elles speglglassrutene dominerer. I sør dannar to nesten identiske nærings/kontorbygg frå 1942 ein «byport». Bygga er karakteristiske for den bygningstypen BSR såg for seg, som uttrykk for eit ønske om lokal tilpassing: «Det er gjort forsøk på å gi byen et karakteristisk utseende og tradisjonsmessig så langt det er mulig når moderne behov skal dekkes på en hensiktsmessig måte. Det karakteristiske trønderske preg er lett å få frem ...» (Dokument i Sverre Pedersen-arkivet, arkivsenteret Dora) Frå sør er verkstaden av «tillingbygga» svekka av seinare utbygging. Nordover langs Kongens gt veksler det mellom saltak og flate tak, og mellom 3 og 4 etasjar. Sentrale hjørnegårdar er tegna av Sverre Olsen, Axel Guldahl jr, Knut Bergersen m.fl.

Torget er omramma på tre kantar av markante gjenreisingsbygg : Samfunnshuset (Sverre Olsen 1951), Steinkjer kirke (Olav Platou 1965) og treetasjars forretningsbygg. Mot nord ligg eit mindre viktig ein-etasjers bygg frå 1980-talet. Torget fekk nytt , heilskapleg dekke til byjubileet i 2007. Seinare er køyrebanen for biltrafikken asfaltert.

Kvartala aust og vest for Kongens gate er i all hovudsak bebygd med to etasjers hus, med eit stort innslag av forretningar i første etasje. Dei fleste er bygd i tre, mellom 1942 og 1955. Her finn vi også to bustadblokkar i mur. Fleire institusjonar ligg i dette området: Eldresenter/aldersheim, kapell, skole, bedehus, offentlege kontorbygg. I bakkeskråninga aust for Kristofer Uppdals gate ligg Pæssåbyn, ein typisk hageby . Nasjonalhjelpens ferdighus frå Sverige utgjør ein stor del av bebyggelsa.

Revisjonen av byplanen i 1946 åpner ikkje for bustadblokkene på Sannan (arkitekt Sverre Olsen). Realiseringa av desse (byggherre: Steinkjerbygg AS - ei tilsvarande blokk fins Nordsia) er uttrykk for at hagebyidealet ikkje var einerådande i boligspørsmålet. Felles var ønsket om å gje alle litt av herskapsvillens fordelar: lys, luft og grønt. Men modernistane i Tyskland og Frankrike ville bygge høgblockar, slik at flest muleg leiligheitar fekk lys og luft og mest muleg areal kunne bli liggande grønt mellom blokkane . Hagebyen ville ta for stor plass. Eit anna argument var at hagebyen ville bli for dyr for vanlege arbeidsfolk. Sterk regulering av marknaden, vitenskapleg, rasjonell bustadbygging, blokkar og drabantbyar organisert i burettslag og finansiert av Husbanken var løysinga på bustadspørsmålet i etterkrigstida. Høgblock og drabantby var ikkje nødvendig i småbyen, men enkelte bustadblokker vart altså bygde allereie omkring 1950.

Viktige endringar:

Berre eitt gjenreisingshus er reve – Svein Jarls gate 11. Nybygget er tilpassa gjenreisingsarkitekturen i gesims-høgde og takutforming. (jfr ovafor). Atleten på Torget er eit nybygg frå 1980-talet og bryt med BSR-planane. HiNT held til i den gamle barneskolen frå 1904 som overlevde brannen, og HiNT sitt nybygg/tilbygg berører såleis eigentleg ikkje gjenreisingsbyen. HiNT har også overtatt og bygd på den «nye» barneskolen frå 1956 (arkitekt Axel Guldahl jr) . Den eldste bygninga til Steinkjer eldresenter er Wimpelmannsgården frå 1851 (ombygd til aldersheim i 1925). Det første tilbygget kom i 1950-åra ((arkitekt Hermann Semmelmann) – eit seinare tilbygg

Nordsia har eit meir «laid-back» preg enn Sørsia.



Ei samanhengande husrekke markerar kanten av «Nordsiplatået». Arkitekt John Aasum. «Hønby'n» til venstre på bildet



Her låg bensinstasjonen, det eine av dei to gjenreisingsbygga som er borte. Det nye Rønningkvartalet ertilpassa gjenreisingsarkitekturen. Arkitekt: Lars Dyrhaug



«Svenskby'n».Reguleringsplan: Claus Hjelte



langs Svein Jarls gate ca 1990). Ein del av Skolegata (nr 14-16) er sterkt ombygd og har mista gjenreisingskarakteren. Steinkjer er merka av by-transformasjonsprosessar: Fleire bygningar frå gjenreisingsperioden har skifta funksjon; frå industri (meieri) og institusjon(sjukeheim) til bustadblokk i høgre prisklassar.

Bystrukturen i brannstrøket – Nordsia.

Nordsia er mindre prega av stramme utsiktsakser og fondmotiv. Den urbane aksen med murhus held fram i ein slak kurve- husa er med få unntak saltakshus i to etasjar – ei blokk frå ca 1960 i fem etasjar skil seg ut. Forretning i første etasje og bustad eller kontor i andre er eit gjennomgåande mønster. Vest for Kongens gate dominerer brannstasjon og boligblokkar, aust for Kongens gate stig terrenget til ei slette – Nordsiplatået. Her ligg «Hønby'n» - ein hageby av same type som «Påssåby'n». Store delar av Nordsia er regulert til spesialområde med formål bevaring.

Viktige endringar

Ei bygning som inneheldt bensinstasjon og bilverkstad er reve i krysset Kongens gate/Bogavegen. Nybygget på staden tilpassar seg gjenreisingsbyens byggeskikk på ein vellukka måte. Bryggerekka på Nordsia bryt med gjenreisingsstrukturen på to måtar – den stengjer utsiktsaksen mot Brannstasjonstårnet sett frå Sørsia og den stengjer mot elva. Uheldige om- og påbyggingar førekjem. Mange bruksendringar førekjem – frå publikumsretta (butikk) til mindre publikumsretta (verkstad for reklame, solstudio, vaskehall for bil osv.) Det førekjem oftare at lokale står tomme over lengre tid her enn på Sørsia.

Utanom brannstrøka


Utanom brannstrøka både på Nordsia og Sørsia ligg eit belte av førkrigsbebyggelse som overlevde brannen. Dette villastrøket er bebygd mellom 1915 og 1940 – på Nordsia ligg nokre funksjonalistiske hus med karakteristiske flate tak og tendensar til vindusband. På Sørsibakken (og i mindre omfang på Nordsihaugen) vart det allereie vinteren 1940/41 bygd ei rekkje einebustader med utsyn vestover mot fjorden. Dei fleste er tegna av Sverre Olsen, som kom til Steinkjer i august 1940, men mange kjente trondheimsarkitektur har også tegna hus i desse strøka. På Sørsibakken og i skråninga ned mot elva med utsyn austover mot Ogdalen ligg «Svenskby'n», ferdighus tegna av Morseth, Wiel-Gedde og Jørgen, produserte ved svenske husfabrikkar og delvis finansiert «med bidrag från svenska folket». Sørsibakken og Nordsihaugen vart gradvis bygd ut i mellom 1941 og 1965.

Viktige endringar:

Ønske om meir plass og moderne funksjonalitet har ført til mykje om- og påbygging som gjer at heilskapen i strøka gradvis blir borte, og at viktige arkitektoniske kvalitetar blir øydelagde. Inga vurdering av bevaringsverdi er gjort med omsyn på fredning/vern. Viktige detaljar som vindu med midtpost, karakteristiske inngangsparti, liggande panel eller smalt «svenskhushuspanel» og skifertak har i mange høve blitt borte. Strøka sin karakter av villastrøk er ikkje truga. Fortetting har heller ikkje vore noko problem.

Gjenreising og nyreising

Eit anna viktig trekk i historia til Steinkjer og truleg også mange andre gjenreisingsbyar er at gjenreising førde med seg mykje nyreising. Dette tema er ikkje vitenskapleg studert, men for Steinkjer sitt vedkommande kan vi sjå at medan folketalet i sjølve Steinkjer vaks med ca 1000 personar (ca 30%) frå 1940 til 1950, vaks folketalet i dei næraste nabokommunane med ca 2200 i same perioden, truleg i all hovudsak i bustadfelt tett opp til bygrensa. (Steinkjerleksikonet) Sannsynlegvis flytta mange til steinkjerområdet for direkte og indirekte å arbeide med gjenreisinga. Gjenreisinga førde sannsynlegvis til viktige demografiske endringar i store delar av Nord-Trøndelag. Ønske om meir plass og moderne funksjonalitet har også her ført til mykje om- og påbygging som gjer at heilskapen i desse nyreisingsstrøka gradvis blir borte. Bygningane her er i all hovudsak enkle og standardiserte løysingar som kvar for seg er av mindre arkitektonisk verneverdi, men fortellinga om ein viktig epoke blir mindre og mindre tydeleg. Nyreisingsstrøka sin karakter av villastrøk er ikkje truga. Fortetting har heller ikkje her vore noko problem.



Nyreisingshus på Reina, rett utafor den gamle bygrensa. Typetegningane er laga av Fylkesarkitekten i Nord-Trøndelag. Signaturen «G.Fr. F.» er Georg Fredrik Fasting, som sikra seg ein plass i norsk arkitekturhistorie då han i 1932 vann tevlinga om ny telefonkiosk. Han var fylkesarkitekt i Nord-Trøndelag frå 1949 til 1966.

BRYTNINGSTIDER I ARKITEKTUR OG BYGNINGSTEKNOLOGI

Det er nok først og fremst som vellukka byplanlegging at gjenreisingsbyane er merkverdige. Men også arkitekturen, måten byplanane vart møblert, er interessant og har stor kulturhistorisk verdi, sjølv om det er langt mellom det vi vil kalle praktbygg. Tvert i mot er arkitekturen nøktern og sparsommeleg, men redeleg og ærleg, prega av at mange store oppgåver måtte løysast på kort tid. Mange arkitekter gjorde ein stor innsats og fortener å bli hugsa mellom «de som tegnet landet», sjølv om få av dei var stilskapande pionerar, og difor ofte blir gløymde når arkitekturhistoria skal skrivast. Gjenreisingstida fell òg saman med ei tid med omfattande endringar i bygningsteknologien – frå ei tid prega av tradisjon og handverk til ei tid der forskning og industrialisering i langt større grad pregar utviklinga.

Tradisjonisme og modernisme

Ved krigsutbrotet i 1940 er arkitekturdebatten prega av den framveksande modernismen (funksjonalismen, «funkis»-stilen) som hadde vorte introdusert til landet omkring 1930, og som hadde fått godt foffeste i vide kretsar. Brannstasjonen i Namsos, Sannanbygget i Steinkjer og ei rekkje bustadbygg av den landskjende arkitekten Ole Lind Schistad i Molde vitnar framleis om at det var slik også i gjenreisingsbyane. Men krigen endrar på mange vis denne utviklinga – ein meir «nasjonal» og tradisjonsbunde stil slår gjennom, mellom anna i den boka med typetegningar som Norske arkitekters landsforbund (NAL) sender ut i september 1940: «Norske hus for land og by.» Etter krigen blir dette vidareført i det som av det som av nokre er kalla «new empiricism» – ein reaksjon mot ein alt for stiv formalisme – for meir «hygge og kos». (Lund 2001) Samtidig vinn ny teknologi fram på stadig nye område.



Adolf Lysholm von Kroghs nybygg for Nord-Trøndelag elektrisitetsverk frå 1941, er eit godt døme på den tradisjonalistiske gjenreisingsarkitekturen.

Ny bygningsteknologi og –teknikk

Det er i seg sjølv ei omfattande forskings- og formidlingsoppgåve å gjere greie for berre dei viktigaste endringane innafor dette enorme feltet. Her er berre plass til å nemne nokre moment i stikkordsform: Bruken av armert betong i større bygg utviklar seg raskt, og store ingeniør- og entreprenørforretningar veks fram som følgje av det. Trondheimsfirmaet A/S Anlegg har lokalavdelingar både i Bodø, Kristiansund og Steinkjer og nyttar i mange år NTE-bygget på Steinkjer som sitt referansebygg i annonsane i Byggekunst. (Bilde nederst på s. 24). Trondhjems Cementstøberi og Entreprenørforretning nyttar Grand Hotell Bodø på same vis.

Ny teknikk blir introdusert på byggeplassen, t.d lastebil, gravemaskin, sementblander, stadig større kraner. Tradisjonell teglstein er framleis mykje i bruk (eks Steinkjer meieri) men samtidig blir det eksperimentert med nye typar murstein – «bims», gullaugstein, vibroblokk osv. Seinare kjem Lecablokken. Edelpuss («Mineralittpuss» er eitt varemerke) var i vanleg bruk på Kontinentet allereie på 17-1800-talet og blir introdusert til Norge omkring 1925. Edelpuss er mykje brukt til utvendig puss på betongbygg i gjenreisingssepoken og fram til midten av 60-talet. I dag er manglande kunnskap om edelpuss eit stort problem i samband med rehabilitering og vedlikehald av gjenreisingsbygg.

Konstruksjonen av trehus gjennomgår store endringar i gjenreisingsperioden. 1. februar 1941 blir det tillatt å bygge i Norge med nytt «amerikansk» eller «lett» bindingsverk. Men gamle byggemåtar med ståande, massiv plank blir ikkje borte før eit stykke ut i etterkrigstida. Mange av dei nyreisingshusa som er nemnde ovafor, er bygde etter denne teknologien. Kan hende blir det framleis lafta ein del hus – også i urbane strøk. Peilehytta på toppen av Ofteåsen i Steinkjer vart i alle fall lafta i 1947.

Det nye bindingsverket inneber eit skilje mellom berande konstruksjon og utfyllande isolasjon. Ei mengd nye isolasjonsmaterialer blir introdusert: Glass- og steinull, («Glava» og «Rockwool») tangmattar, treullmattar osv. Det blir eksperimentert med ulike typar papp som fukt- og vindsperre. Nye platematerialer kjem på marknaden som isolasjon, avstiving og dekor: Trefiberplater («Masonit» og «Huntonitt») i fleire hardheitsgradar, gipsplater («Svalbardplaten») osv. Men tradisjonelle isolasjonsmateriale som leire i etasjeskiljet osb held seg eit stykke utover i etterkrigstida. Kravet til dagslys aukar, og det blir muleg å framstille glass i stadig større flater. Glassbyggstein er også eit ynda materiale. Nye golvbelegg blir introdusert: linoleum, gummibelegg, korkparkett og liknande. Innlagt elektrisitet, innlagt vatn med bad og wc blir sjølv sagt i gjenreisingssepoken. I større bygg kjem sentralfyr med radiator, luftkondisjonering og så vidare.

Mange (dei fleste) av desse endringane er eit resultat av – og har som konsekvens – ei auka vitenskapleggjering av byggeprosessane – byggforskning. Forskningsområdet strekker seg frå regionplan til byggdetaljblad for tetningslister. Eit tidleg døme er funksjonsstudia av kjøkenet som arbeidsplass frå mellomkrigstida. I 1947 sette Norges teknisk-naturvitenskapelige forskningsråd ned eit byggtknisk utval «for å fremkomme med forslag ...for fremme av den byggtkniske forskning her i landet». Denne prosessen går parallelt med ei auka industrialisering av bygningsindustrien. I tillegg til at dette er eit område det er viktig å studere for å sette gjenreisingsarkitekturen inn i sin rette samanheng, er dette viktig kunnskap å formidle, ikkje minst med tanke på vedlikehald og restaurering i gjenreisingsbyane.

Arkitektane

Vi vil helst verne om det vi syns er godt – det gjeld også arkitektur. Men det er ikkje alltid like lett for ikkje-arkitektur å vurdere kva som er god og dårleg arkitektur. (Arkitektur er og ofte usamde innbyrdes). Det er kan hende lettare å forhalde seg til personar og personlegheit. Derfor er det viktig å formidle kunnskap om dei arkitektane som bidro til å forme gjenreisingsbyane. Det er grunn til å tru at auka slik kunnskap (i det minste eit namn) kan bidra til å auke omtanken frå huseigarar og andre, slik at det enkelte gjenreisingsbygget blir behandla med den respekten det fortener. Derfor har ein ein starta eit arbeid med å lage ein mest muleg komplett oversikt over dei arkitektane som har arbeidd i gjenreisingsbyane – ein gjenreisingsarkitektmatrikkel (GM). Dette er eit omfattande arbeid som ikkje vil bli ferdig i forprosjektperioden. Tanken er at dette etter kvart skal bli ein database, søkbar både på arkitektnamn og på by (evt adresse).

Gjenreisingsarbeidet engasjerte ei lang rekkje arkitektur. I dei første månadane i 1940 var entusiasmen og dugnadsånden stor. Sverre Pedersen knytta til seg mange dugande og røynde medarbeidarar i arbeidet med byplanane. Mange av desse tegna også hus i gjenreisingsbyane – både for offentlege og private byggherrar. Monumentalbygg som kjerkje, rådhus (og dels skole) vart gjerne gjenstand for arkitekttevlingar. I GM finn ein eldre, etablerte arkitektur som Gudolf Blakstad og Herman Munthe-Kaas, Finn Bryn, Ole Lind Schistad, og yngre, men etablerte som Knut Knutsen, Arne Korsmo, Roar Tønseth og Axel Guldahl jr. Men ein finn og ei rekkje heilt unge og nyutdanna arkitektur. Nokre av dei vart etter kvart kjende, som Jan Inge Hovig og Helmer Hofset.

Det skjedde også, men i mindre grad enn t.d. etter bybrannen i Ålesund i 1904, at privatpraktiserande arkitektur slo seg ned i gjenreisingsbyane. Steinkjer var så heldig at ein av mellomkrigstidas mest lovande unge arkitektur meir eller mindre tilfeldig kom hit. Sverre Olsen var 37 år da han kom for å tegne ein forretningsgård og fekk ein heil by «i fanget». Han kom med erfaring frå fleire ledande arkitektkontor i Oslo og ei rekkje premiar frå prestisjetunge arkitekttevlingar i kofferten. Og han kom seg aldri herifrå, han døydde her i januar 1950.

«I taknemmlighet over det store arbeid som arkitekt Sverre Olsen nedla ved Steinkjers gjenreising har Steinkjer kommune bestemt at begravelsen skal kostes av kommunen (...) og det henstilles til byens befolkning å minnes avdøde ved å senke flagget på halv stang» skriv Trønder-Avisa.

Han er sannsynlegvis den einaste i kommunens historie som er vist ei slik ære. I Namsos fekk den 14 år yngre Arne Aursand noko av den same rolla. Han vende heim til fødebyen sin som nyutdanna arkitektur og BSR-medarbeidar i 1941, vart etter krigen BSR sin reguleringsarkitektur for Nord-Trøndelag og hadde seinare privat praksis i byen. Han har m.a. tegna Namsos Athenæum og Namsos samfunnshus. Ole Lind Schistad vende heim til Molde i 1946 som distriktarkitektur og tegna mange markante gjenreisingsbygg, m.a. Myrabakken 8, Molde Sparebank (nå Sparebanken Møre) og Strandegården, Storgata 52.

«Blant de tilflyttede privatpraktiserende arkitekter (i Kristiansund) vil jeg spesielt nevne arkitekt Øyvind Ramstad. Han kom til Kristiansund for å arbeide ved Gjenreisningsinstituttet i 1941. I 1945 startet han sin egen arkitekturpraksis og han ble i Kristiansund til han anså byen for gjenreist, langt utpå 1950-tallet» (Sylthe 1991).



Namsos Athenæum. Arkitekt Arne Aursand.



Kristiansund. Jonas Eriksengården. Arkitekt Sofus Hougen.

DEL III: OM ETABLERING OG LOKALISERING AV EIT PERMANENT SENTER OG KONKRETERING AV SENTERET SINE OPPGÅVER



Molde

Arbeidet med å etablere eit senter for gjenreisingsarkitektur er sett i gang på bakgrunn av ei erkjenning av at gjenreisingsbyane står overfor store utfordringar, at det er ei samling med truga kulturminne vi har å gjere med her.

I samtlege gjenreisingsbyar finn vi område det er knytt nasjonale kulturminne- og kulturmiljøinteresser til. Dei er registrerte i Riksantikvarens NB!-register («Nasjonale kulturminneinteresser i By»). Det er i år (2010) 70 år sia bombene fall og gjenreisinga tok til. Bygningsmassen er altså mellom 70 og 50 år gammal – det er ei veksande utfordring å ta vare på bygningane. Det er difor avgjerande viktig å ta vare på all den kunnskapen som finst og gjennom forskning bringe fram ny kunnskap.

Verdfulle bymiljø og bygningar finst i samtlege gjenreisingsbyar: Elverum og Voss i Sør-Norge, Åndalsnes, Molde, Kristiansund, Steinkjer og Namsos i Midt-Norge, Bodø og Narvik i Nordland – og i samtlege byar i Finnmark. Kompetanse, dokumentasjon og kjeldemateriale er spreidd på ulike plassar og i ulike former, i sentrale arkiv og museum så vel som i lokale kommunale byggesaksarkiv.

Omfanget av krigsskadar varierar sterkt. Byane var av ulik storleik i 1940. Kristiansund med 17000 innbyggjarar og Narvik med 11500 var dei største, Elverum, Voss og Steinkjer (med ca 3000 innbyggjarar) var mellom dei minste byane. I tillegg kjem ei rekke mindre tettstadar, som Rena, Ulvik, Verdalsøra, Hemnesberget, Fauske m.fl. Graden av utsletting varierte også, med Steinkjer som den prosentvis mest øydelagde – 82%. Gjenreisingsarkitekturen pregar difor byane ulikt. Byane og tettstadane har ulike føresetnader og ressursar for å skaffe nødvendig kjeldemateriale til gransking av eige gjenreisingsmiljø. Det vil difor vere naudsynt å ha ein stad å vende seg til for å få hjelp og rettleiing, både til å forske i si eiga lokalhistorie om den aktuelle perioden, og i tekniske og praktiske spørsmål omkring forvaltinga av gjenreisingsbyane i dag.



Det bør difor opprettast eit nasjonalt senter som kan vere det sentrale kunnskapsnavet for samtlege gjenreisingsbyar. Senteret si hovudoppgåve skal vere å registrere og dokumentere fakta omkring samtlege gjenreisingsbyar og -stader i fortid og notid, initiere og legge til rette for ny kunnskap gjennom forskning, samt formidle kunnskap om samtlege gjenreisingsbyar til både eit fagleg og eit ålment publikum. Formidlinga må skje i moderne former og med moderne teknologi, tilpassa dei ulike brukar- eller kundegruppene.

Det må stillast ulike krav når ein skal plassere eit senter for alle gjenreisingsbyane. Aller viktigast er at framtidig vertskommune/vertsfylke har evne og vilje til å løyse oppgåva. Det er i hovudsak to kommunar som har ønska å sette seg sjølv på kartet som gjenreisingsbyar – Kristiansund og Steinkjer. Det var også desse to byane som meldte seg på da «Nettverk for gjenreisingsbyer i Midt-Norge» skulle ha koordinator. Husbanken valde her Steinkjer. Kristiansund er den byen som har mest gjenreisingsbebyggelse, målt i areal. Bombinga og gjenreisninga utgjer eit viktig moment i Kristiansund si historie. Kommunen har også gjort mykje for å gjere dette kjend, med byvandringar, skilting av hus, brosjyrar, tv-program og litteratur. Nordmøre museum har utviklinga av eit senter for gjenreisingsbyen Kristiansund på sin strategiske plan. Museet laga også ei viktig utstilling om Gjenreisingsbyen Kristiansund i samband med Kulturminneåret 2009, og har ei eiga nettutstilling på tema. Men satsinga har – i alle fall til no – vore konsentrert om tiltak i og for Kristiansund.

Steinkjer kommune har også vist både vilje og evne til å ta ansvar for gjenreisingsbyen. Allereie i 2004 arrangerte Steinkjer kommune som tidlegare nemnt i samarbeid med Husbanken eit to-dagars seminar «Gjenreisning i Sentrum» med deltakarar frå dei fleste gjenreisingsbyane. I 2007 oppretta kommunen saman med Nord-Trøndelag fylkeskommune det treårige prosjektet «Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur» med ei årleg budsjetttramme på 300 000 kr. Dette prosjektet skal (også i prosjektfasen) vere eit kunnskapsnav for samtlege gjenreisingsbyar, mellom anna gjennom nettstaden www.gjenreisingsbyer.no

Planane om eit permanent senter er godt forankra i kommunens økonomiplan 2010-13:

«Byutvikling: Omstillingsprogrammets satsing på byutvikling, kombinert med programmet «Attraktive tettsteder»¹ var kommunens prioritet fram mot byjubileet i 2007. Fremover er det viktig at gjenreisingsarkitekturens kvaliteter videreføres gjennom kommunens rolle som nettverkskoordinator for gjenreisingsbyene i Midt-Norge (tildelt av Husbanken høsten 2007). Steinkjer kommune og Nord-Trøndelag fylkeskommune har inngått en intensjonsavtale hvor felles mål er å bygge opp et kompetansesenter for gjenreisingsarkitektur i Steinkjer. På sikt må kommunen dekke deler av utgiftene med et slikt senter. Kostnader og fordeling av disse mellom stat, fylkeskommune og kommune (60/24/16) er ikke endelig avklart, og avklares frem mot rullering av økonomiplanen 2011-14.

Budsjettkonsekvenser:

Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur fra og med 2011. Kostnader og fordeling av disse mellom stat, fylkeskommune og kommune er ikke endelig avklart, og avklares frem mot rullering av økonomiplanen 2011-14. Midler til formålet er ikke innarbeidet i budsjettforslaget.»

1

Fullstendig namn: «Miljøriktige og attraktive tettsteder i distriktene (2001-2005)»

Nord-Trøndelag fylkeskommune har førebels ikkje innarbeidd midlar til permanent drift av eit gjenreisingscenter i sine budsjettframlegg. I «Museumsstrategisk plattform for Nord-Trøndelag fylkeskommune» er «Museum i bevegelse» eitt av fire strategiske innsatsområde: «*Nord-Trøndelag treng museum som speglar dei endringane samfunnet gjennomgår og som gjer nytte av kulturarven vår til å kaste lys over samtida*». Senter for Gjenreisingsarkitektur, som er nemnt i Museumsstrategisk plattform som ei museumseining der konsolideringss spørsmålet ikkje er avklara, har ei målsetting som klart fell innfor dette innsatsområdet. (NTFK 2010)

Ein kan konkludere med at Steinkjer kommune og Nord-Trøndelag fylkeskommune har vist evne og vilje til å ta sin del av det nasjonale ansvaret for å ta vare på gjenreisingsbyane våre.

Men det må også stillast andre krav til ein framtidig vertskommune. Det må stillast strenge krav til autentisitet, representativitet, kontekst og kommunikasjon.

Autentisitet.

Steinkjer er truleg den gjenreisingsbyen som er mest komplett, den vart prosentvis mest bomba (ca 82%) og den er vel bevart. Berre to gjenreisingsbygg er rivne. Vi skal ikkje underslå at mange andre bygg i tillegg er sterkt ombygde og at det er tilføyd bygningar som svekker gjenreisingspreget. På den andre sida belyser nettopp dette dei utfordringane byutviklinga i gjenreisingsbyane står overfor.

Representativitet.

Som nemnt kan ein noko forenkla seie at Sverre Pedersens sine byplanar, og dermed BSR-planane er tufta på tre grunnsetningar: barokken, hagebyen, og terrenget som utgangspunkt for «vakre bybilleder». Alle grunnsetningane er lette å lese i Steinkjer i løpet av ei byvandringsløype på under ein time.

Ein finn i Steinkjer representative døme på alle dei arkitektoniske stilartane og bygningstypane frå Gjenreisingsperioden, det «klassiske» tradisjonstilpassa gjenreisingsbygget, den modernistiske monumentalbygninga, det rasjonelle industribygget, to typar svenskhus, variert villabebyggelse, rekkehus og bustadblokk osv. Mange av Midt-Norges ledande arkitektar i denne tida er representert i Steinkjer: Mellom dei yngre, men etablerte: Sverre Olsen, Axel Guldahl jr og Hermann Semmelmann; mellom dei heilt unge: Knut Bergersen, Helmer Hofset og Jan Inge Hovig.

Kontekst.

Steinkjer har tilstrekkeleg med førkrigsarkitektur til at gjenreisingsarkitekturen kan sjåast mot ein bakgrunn. Ei lita husklynge på Sneppen representerer «almuen», medan villarekkja i Johan Bojers gate er bygd av og for embetsstanden. Bebyggelsa i Møllevegen på Nordsidaer frittliggane bustadhus bygd på 1920-talet. Førkrigsmodernismen er representert i bustadblokk og villabebyggelse. Nærleiken til Trondheim, Levanger og Namsos gir godt utgangspunkt for å forstå byplanen i samanheng i tid og rom.



Steinkjer. Arkitekt Sverre Olsen: Eigen bustad, Furuskogvegen 26.

Dei nye bydelane på utfyllingsområda Sørsileiret og Nordsileiret viser seinare faser i byforminga, der andre prinsipp enn dei frå BSR gjeld.

Kommunikasjon.

Trondheim ligg berre to timar unna med tog, med samband kvar time. Med bil er avstanden vel 1 ½ time. Trondheim har mange av dei viktige undervisnings- og forskingsmiljøa det er viktig å samarbeide tett med: NTNU har miljø for både arkitektur/byplan, kunsthistorie og kulturminnevern og kulturminneforvaltning («Bachelorprogram kulturminneforvaltning gir deg en grunnleggende innføring i generell historisk forståelse og metodikk, samt innsikt i sentrale arkeologiske arbeidsmetoder, kulturminnerett, arkitekturhistorie, lovverk og forvaltningslære, forholdet mellom natur og kultur (kulturgeografi), formidling og museumsarbeid».) HiST har bachelorutdanning i teknisk bygningsvern og restaurering: «For å sikre god kunnskap om bygningsvern på lokalplan og tilgang på høy kvalitet i utførelsen av alle de praktiske oppgavene vedlikehold og skjøtsel krever, tilbyr HiST/NDR en bachelorutdanning i teknisk bygningsvern og restaurering ».

SINTEF Byggforsk arbeider med byggforskning, også i høve til eldre bygg. Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) har distriktskontor i Trondheim. Trøndelag Forsking og Utvikling held til i Steinkjer.

14 daglege flyruter og 1 ½ times togreise mellom Steinkjer og Værnes gjer at Steinkjer (med unntak av Elverum) er den av gjenreisingsbyane som er lettast å nå frå Oslo.

Konklusjon: Samla sett peiker Steinkjer seg ut som den mest naturlege vertskommunen for eit muleg nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur.

KONKRETISERING AV SENTERET SINE OPPGÅVER.

Utfordringane

Som alle andre kulturminne, står gjenreisingsbyane ovafor store utfordringar. I det følgjande vil vi omtale nokre av desse utfordringane, som det nasjonale senteret for gjenreisingsbyane må bidra til å løyse.

«Byutviklingen, særleg i bysentra, er preget av en kontinuerlig endringsprosess over tid, og gjennomføringen, dvs selve utbyggingen, er fragmentert på en rekke beslutningstakere. Planleggingen må være åpen og fleksibel i forhold til mulige endringer på lengre sikt, samtidig som viktige hensyn på kortere sikt ivaretas» (Asplan Viak u.å).



Kristiansund. Byutvikling er ein kontinuerleg endringsprosess. Greier vi å ta vare på gjenreisingsbyen sitt særpreg?

«Lokale til leie» er ikkje noko godt teikn for byutviklinga.



Utvendig etterisolering er på mange måtar ei grei løysing. Men autentisiteten blir borte.



Omsorgsfull detaljering treng omsorgsfullt vedlikehald. Ikkje alle huseigarar bryr seg om det.



Byutviklinga følgjer ulik retning i dei ulike gjenreisingsbyane. I enkelte (eks Molde og Bodø) opplever ein eit press mot det gamle sentrum, eit ønske om høgare utnytting, utbygging, påbygging og nybygging. Det seier seg sjølv at det er ei stor utfordring å finne rette balansen mellom ønsket om å ta vare på byane og bygningane som kulturminne og eigars ønske om å utnytte eigdommen best muleg, både i byutviklinga som heilskap og i høve til kvar enkeltsak.

I andre byar (eks Steinkjer) skjer det motsette – eit sug vekk frå det gamle sentrum. Dei mest attraktive butikkane har flytta til kjøpesentra og byane blir aude og folketomme på dagtid. Butikk- og kontorlokale kan bli ståande tomme. Ein kan lett hamne i ein ond sirkel: Fallande leigeinntekter gir mindre overskott til ytre vedlikehald som gjer eigdommen mindre attraktiv som utleigeobjekt, som gir fallande leigeinntekter osv. Her er den store utfordringa å stimulere til ny verksemd i dei gamle eigedommane som både gir ein levande by, tilfredsstillande leigeinntekter og bevarer autentisiteten. I tillegg kjem at den enkelte eigdommen er avhengig av utviklinga i heile strøket. Noko av utfordringa ligg difor i at det truleg krevst kollektive tiltak gjennomført av ei rekkje enkeltaktørar for at eit strøk skal framtre som attraktivt.

Sjølv om det i dei siste åra har skjedd store endringar i synet på gjenreisingsbyane, er det framleis ei hovudutfordring at verdiane enno ikkje er alment kjende eller anerkjende. Små og store endringar (nybygging på ledige tomter, riving og nybygging, påbygging og ombygging) skjer ofte utan at kvalitetane i det eksisterande blir tatt omsyn til, også der ein med litt omtanke kunne ha fått til gode løysingar. I andre tilfeller er det sjølvstyk snakk om reelle interesse motsetningar, der ønsket om/behovet for vern står mot eigars/brukars ønske om endring.

Bruksendring

Den typiske bygården i Gjenreisingsbyen er bygd for eit blanda formål: Forretning/detaljhandel i første etasje, kontor og bustad i 2. og evt. 3. etasje. Byane er, litt forenkla sagt, bygde for «mann-konebutikken», som ikkje finst lenger. Kjøpesentra med butikkjeder har langt på veg utkonkurrert sentrum på handel. Bankverksemd er rasjonalisert og sentralisert. Gårdeigar og forretningsdrivar er ikkje lenger same person. Ingen av dei har nødvendigvis same sterke interesse i ytre vedlikehald som den kombinerte gårdeigar/forretningsdrivar vanlegvis vil ha. Dei nye leigetakarane driv ikkje alltid publikumsretta verksemd og har ofte ein kort tidshorisont.


Nye tekniske krav

Utvendig etterisolering vil øydelegge autentisiteten og kan øydelegge den visuelle heilskapen. Nye krav til universell utforming krev endringar i inngangsparti og interiør.

Alder

Etter 50-70 år er mange av bygningane slitne. Det finst lite teknisk kunnskap omkring vern og vedlikehald av eksteriør og interiør av bygningar frå denne tida. Det finst også få prinsipielle diskusjonar omkring kva slags vern det er behov for. Er det til dømes greitt å bruke ein moderne STO-puss i staden for tradisjonell edelpuss («Mineralitt-puss»)?

60 år har sett sine spor. Skade på mineralittpuss på ein av søylane på Steinkjer kapell frå 1951.



Ukyndig reparasjon av mineralittpuss. Steinkjer kapell



Fasadeplater av polert kalkstein forsøkt reparert med mørtel. Steinkjer samfunns- hus.

Dei kompliserte prosessane gjenreisingsbyane er midt inne i, gjer at kravet om grundig kunnskap blir ekstra viktig for å kunne treffe dei rette avgjerdene. Eit senter for gjenreisingsarkitektur kan bidra til ei meir kunnskapsbasert utvikling av gjenreisingsbyane våre.

I Asplan Viak sin midtveisevurderingsrapport om Blest-programmet², blir utfordringane skildra slik:

4.2 Utfordringar for gjenreisningsbyene

Byenes utfordring er knyttet til byenes endring over tid. Fra å være ansett som moderne med brede gater og nye hus, har forfallet begynt og nye krav til forretningsstørrelse og beliggenhet, ført til utflytting av virksomheter og behov for oppussing. Byenes utfordring knyttet til gjenreisningsbebyggelsen kan oppsummeres i fire punkt:

1. Vedlikehold av murhusene. Husene er vanskelige å rekonstruere, reparere eller vedlikeholde med mindre en kjenner nøyaktig pussammensetning. Riksantikvaren mener det er viktig å bevare mineralittpussen og få fram håndverkere med kompetanse på pussteknikk.

2. Byutvikling (plan- og byggesaksbehandling) i gjenreisningsbebyggelsen. Hvordan skal en forvalte denne bygningsarven? Skal en tillate endringer i fasader, bygningsform eller bygningsvolum? Det er behov for retningslinjer for utviklingen av områdene med planbestemmelser. Steinkjer kommune har for eksempel utarbeidet en estetisk veileder. Foreløpig ser den ut til å ha forbedret byggesaksbehandlingen og gjort tiltakshaverne mer lydhøre.

3. Oppdatere kunnskapen om kulturarven. Siden det er to generasjoner siden 2.verdenskrig, er det behov for å oppdatere kunnskapen om arven som gjenreisningsby. Både politikere og administratorer, samt gårdeierne har behov for mer kunnskap om kulturarven en forvalter.

4. Formidling av kulturarven. Også befolkningen generelt og kanskje spesielt ungdommen har behov for å kjenne byenes/stedenes historie. Det handler om å bli stolt av og glad i stedets/byens særtrekk. (Medalen 2008)

SENTERET SINE STRATEGIAR

Etableringa av eit Senter for Gjenreisingsarkitektur er eit middel for å møte dei utfordringane som er nemnt ovanfor. Senteret skal ha kunnskap om kva slags tiltak som er nødvendige for å bevare gjenreisingsbyane som kulturminne, og bidra til å mobilisere lokalbefolkning og fagmiljø for å finne gode løysingar.

Gjenreisingsenteret må bli eit kunnskapsnav og eit besøksenter, og vil ha mange kundegrupper. Dei vil kunne etterspørre både historisk og teoretisk kunnskap om byforming, regulering, arkitektur og skiltbruk, men og praktisk kunnskap om metodar og teknikkar for bygging og material som vart nytta.

Det seier seg sjølv at arbeidet må vere tverrfagleg og fleirfagleg – både historie, kunsthistorie, arkitekturhistorie, praktiske byggfag, teknologihistorie, sosiologi, etnologi og kulturminnekunnskap (og sikkert mange andre fagdisiplinar) vil kunne bidra til det som er prosjektets overordna mål – at kunnskapen om desse særreine kulturminna blir og forblir så breitt og djupt forankra både hos folk flest og hos fagfolka, at utviklinga av byane skjer i samspel med, og ikkje som nedbryting av, dei kvalitetane vi finn her. Senteret sine «oppdrag» vil bli tilsvarende mangfaldig og formidlingsformene må vere tilpassa brukargruppene.

Kundegruppene kan settast opp i ein modell (figuren til venstre):

Vi tek kvar brukargruppe for seg og drøftar oppgåver og formidling i tilknytting til kundegruppa. Vi vil skilje mellom breie, mellombreie og smale formidlingsformer.

Kundegruppe A: Det breie publikum


Det breie allmenne publikum er dei viktigaste, først og fremst lokalbefolkninga i byane. Kunnskap gir stoltheit og lyst til å ta vare på verdiane og eit kunnskapsbasert grunnlag for å engasjere seg der det måtte bli konflikter. Det handlar såleis om demokrati. Ei spesiell målgruppe er barn og unge, som fortener å få god kunnskap om sitt eige oppvekstmiljø. God kjennskap til eiga lokalhistorie kan vere viktig faktor for muleg tilbakeflytting, bolyst og livskvalitet. Ein bør lage tilbod både til Den kulturelle skolesekken for barn og unge og til Den kulturelle spaserstokken for eldre. Tilboda bør i stor grad formast ut lokalt i kvar enkelt gjenreisingsby, men senteret kan bidra med idear til opplegg og til dei delane av opplegget som er felles for byane. Historielaga i byane og lokalavdelingar av Fortidsminneforeninga er viktige samarbeidspartnarar. Vi skal heller ikkje gløyme at historia om dei norske gjenreisingsbyane går inn i ein større kontekst og kan knyttast til historia om 2. Verdskrigen i Europa. Dette gjer at byane vil ha ei viss interesse også for ein del utanlandske turistar.

KVA ER RELEVANT KUNNSKAP FOR BRUKARGRUPPA?

Byane si historie generelt. Bombinga og gjenreisninga. Historia om Sverre Pedersen og BSR. Kunnskap om dei viktigaste arkitektane og aktørane i gjenreisninga. Konflikane og kampsakene. Alt dette formidla som fortellingar knytta til det eksisterande bybildet – med gateløp, utsiktsakser, torg og parkar, bygningar og bygningsdetaljar.

RELEVANTE FORMIDLINGSFORMER

All formidling til denne kundegruppa vil i prinsippet vere like brei og like open. For det som angår samtlege byar vil heimesida vere det viktigaste instrumentet. Det å halde i drift ei levande og god heimeside som stadig kan publisere aktuelt stoff er ei høgt prioritert oppgåve. Elles vil gode opplysningskilt i byen kunne gjere publikum merksam på byplanprinsipp som utsiktsakser, på bygningar og bygningsdetaljar. Byvandringar og



*I kundegruppe A er det mange personar, men kvar kunde brukar lite tid.
I kundegruppe D er det f.eks ein dr.art-student, som brukar oss i fire år*

informasjonsbrosjyrer for byvandringar på eiga hand fungerer fint. Senteret kan bidra til å spreie gode døme og kan hende på sikt felles profilering. Ei basisutstilling bør finnast for å kunne gi konsentrert informasjon, og fordi modellar og plankart og autentiske fotos og skisser gir ei anna oppleving enn internett. Vandreutstillingar (i samarbeid med relevante museumsnettverk) er viktig. Praktverk (bokserie) med brei presentasjon av Gjenreisingsbyane kan vere eit aktuelt prosjekt på sikt. Film: Lokal-tv i Kristiansund har produsert fleire program om gjenreisingsbyen Kristiansund.

BESØKSSENTER

Besøksenteret er ikkje det elementet i Gjenreisingsenteret som det er viktigast å få på plass, men det er ansiktet mot omverda og det elementet som krev mest omfattande planlegging. Det blir difor behandla her, saman med den kundegruppa det rettar seg mot.


Besøksenteret skal først og fremst betjene det breie, allmenne publikummet, med barn og unge som ei sentral målgruppe. Her skal ein fortelle den generelle historia om gjenreisingsbyane, med Steinkjer som eit nærliggjande døme. Historia om krigen i 1940 og bombinga må forklarast som ein bakgrunn for gjenreisinga. Eit bilde av dei byane som forsvann må også formidlast.

Ein annan bakgrunn er professor Sverre Pedersen og hans idear og ideal for byforming. Hans byplanar skal forklarast i kontrast både til tidlegare tiders «rutenett»-mønster (jfr Levanger) og til modernismens byplan.

Arkitektur og byplan er kan hende eit krevande tema å formidle til folk flest. Men alle kan forhalde seg til sterke historier om sterke folk. Besøksenteret skal difor legge vekt på fortellingane om dei viktigaste aktørane i gjenreisinga. Historia om Brente Steders Regulering som organisasjon skal presenterast på ein oversiktleg og lettforståeleg måte, likeeins andre sentrale styresmakter som under og etter krigen spelar viktige roller i gjenreisingsarbeidet – t.d. Husbanken. Dei lokale styresmaktene og fagpersonane (i Steinkjer t.d. byingeniør Gregusson) blir viktige. Huseigarane (storkjøpmenn og småfolk), entreprenørane og eigedomsutviklarane, byggmeistrane, handverkarane, bygningsarbeidarane, leigebuarane og leigebuarane sine ungar er andre viktige aktørar. Skal fortellinga bli dynamisk, må konfliktane og kampsakene vere i fokus.

Gjenreisingstida er ei brytningstid i synet på arkitektur. Funksjonalismen, som hadde slått gjennom på brei front på 30-talet (jfr Sannanbygget og funkisvilla-ane på Nordsia) vart merkeleg uaktuell i den første gjenreisingstida, men vender attende (jfr Grand hotell, Samfunnshuset, kapellet og kjerka) i monumentalbygga. Dei sentrale arkitektane i gjenreisingsbyane må difor spele ei vesentleg rolle i fortellinga. Gjenreisingstida er også ei tid for ny bygningsteknologi. Endringane kan formidlast gjennom utstilte materialprøver og prøver på ulike veggjar, bygningsdetaljar som dørhandtak, vasskraner osv. osv. Nye produksjonsmåtar er på veg inn: Framleis er handmakt, spade og trillbør viktig, men sementblander, heisekran og lastebil kjem etter kvart.

Anna aktuelt utstillingsmateriale er planar, perspektivtegningar og modellar (evt foto av modellar) frå BSR, arkitektane sine originaltegningar (perspektivskisser der det finst), aktuelle og historiske foto av byane og bygningane, men også



Kommunale byggesaksarkiv inneheld mykje som kan stillast ut. Over Axel Guldaahl jr. si skisse til ny taxistasjon på Steinkjer. Under Helmer Hofsets perspektivskisse der hans utkast til bedehus er inntegna oppe til høgre. Ingen av desse bygga vart realisert i denne forma.



portrettfoto og minibiografar av sentrale aktørar og faksimiler av sentrale dokument og avisoppslag. Eit godt grunnlag er skapt gjennom tidlegare utstillingar i Steinkjer og andre stader.



Steinkjer ca 1950. Gamle fotografi er aktuelt utstillingsmateriale.

Det bør byggast opp ei permanent basisutstilling med fleire års varigheit. I tillegg bør ein ha areal for skiftande utstillingar av kortare varigheit. Museet sitt særkjenne som kunnskapsinstitusjon er jo den korte vegen mellom forskning og formidling, og ny forskning bør som hovudregel formidlast gjennom utstillingsmediet, i tillegg til andre publiseringsformer. Slike utstillingar kan med fordel tenkast som vandreutstillingar for dei andre gjenreisingsbyane. Ein bør også ha rom for den heilt aktuelle utstillinga, «hot spots», der dagsaktuelle, gjerne kontroversielle tema (t.d knytta til konflikter omkring ombygging/riving/fredning) kan aktualiserast og kontekstualiserast. Skiftande utstillingar gjer besøksenteret aktuelt og relevant for lokalbefolkninga.

I tillegg til den meir tradisjonelle utstillinga med foto, teiningar, plansjer og gjenstandar, bør ein ta i bruk moderne teknologi til å skape eit interaktivt multimeideprogram – (jfr «Tidsmaskina» i Jugendstilsenteret i Ålesund).

I «Tidsmaskina» vil den besøkande oppleve Steinkjer og evt andre byar før krigen, bombinga og gjenreisninga gjennom arkivfoto og arkivfilm. Dei sentrale aktørane kan kome til orde gjennom eigne ord – anten i arkivopptak eller gjennom nyinnspelte dramatiseringar. Lyssetting og lydkulissar kan gjere framstillinga levande.

Ein annan muleg måte er å lage ein 3D-animasjon av byen (byane) før, under og etter brannen, og med gjenreisninga som gradvis veks fram – hus for hus, kvartal for kvartal. Her kan ein og vise i 3D-animasjon konsekvensane av dei ulike planforslaga som vart lansert under og etter krigen.

For barn og unge kan ein lage eit «byplanspel» der dei får prøve seg som byplanleggjar. Dette kan lagast anten som dataspel eller som ein fysisk modell i høveleg målestokk, med hus som byggeklossar, eller både/og – for ulike aldersgrupper. Estetiske val kan leggest inn – ein kan t.d vere nøydd til å velje mellom «rutenett», «Pedersenplan» eller «modernisme». Ein kan óg ha høve til – eller vere nøydd til – å velje mellom ulike stilartar for bygningane. Miljøtenking kan óg leggest inn – bilbruk, ressursbruk og forureining kan vere parametre spelaren på ulikt vis må ta omsyn til.

Ein eigen rapport vil bli laga, med vekt på å konkretisere innhaldet i eit audiovisuelt opplevingscenter.

I tilfelle det blir aktuelt å lokalisere besøksenteret i ein mindre bygård med forretning i første og leiligheit i andre etasje, vil det vere aktuelt å innreie leiligheita som ein autentisk 1950-talsleiligheit. Dene kan fungere dels som ein del av besøksenteret, dels som leiligheit for studentar/forskarar under studieopphald i Steinkjer.

Kundegruppe B: Huseigarar og offentlege styresmakter

Det spesielle med ein by som kulturminne er at den er i kombinert privat/offentleg eige og styrt av andre lover og reglar i tillegg til kulturminnelovgjeving. Byane er viktig kapital – byens urbane kapital består både av kvadratmeter bruks- og utleigeareal, av infrastruktur, av kulturell og estetisk kapital og av «omdømmekapital». Det er opplagt at det her kan bli interessekonflikter, mellom private og offentlege interesser, og mellom kort- og langsiktige interesser. På den eine sida har vi – anten vi likar det eller ikkje – fått ein kulturarv å forvalte. På den



Synleg konstruksjon blir usynleg konstruksjon etter ei lite omsorgsfull ombygging. MILBO-hus frå 1951. Arkitekt: Helmer Hofset



andre sida er alle lokalsamfunn og kommunar meir og meir opptekne av profilering – «branding». Vår profil er å vere gjenreisingsbyar. Det må vi dyrke og utnytte. Både private, halvoffentlege og offentlege aktørar kan i sitt arbeid ha utbytte av slik kunnskap i si profilering: Eit hotell kan profilere seg med tidsriktig interiør og typografi osv, Steinkjerfestivalen er oppteken av å bygge sitt omdømme rundt gjenreisingsbyens særtrekk. Fotofestivalen Northern Light i Kristiansund presenterer historiske foto parallelt med aktuell fotokunst.

KVA ER RELEVANT KUNNSKAP FOR BRUKARGRUPPA?

Huseigarane som forvaltar kulturminna treng fagleg hjelp til vedlikehald og utvikling. Styresmaktene treng det same i planprosessar – Senteret kan bidra med historiske bakgrunnskunnskap og planfagleg kunnskap med utgangspunkt i Senteret sin eigen kompetanse, samt formidle til andre kunnskapskjelder.

Senteret kan ha oversikt og vere database for gjeldande frednings- og vernevedtak. Senteret kan samle og spreie gode (og dårlege) døme. Informere om ulike økonomiske støtteordningar. Slik støtte er oftast avhengig av faglege vurderingar av verneverdien. Senteret bør ha kompetanse til å gjere slike vurderingar, evt i samarbeid med fylkeskommunal kulturminneforvaltning. Samtidig er prinsippet om «armlengdes avstand» viktig. Som ein del av museumsverda er senteret ein fri og kritisk institusjon og har plikt til å kritisere og (i visse tilfelle) motarbeide private og offentlege aktørar og prosessar.

Eiin kan sjå mange døme på at enkelt detaljar ved om- og påbygging har blitt uheldig utforma berre på grunn av manglande kunnskap om og respekt for gjenreisingsarkitektorens særdrag. Det hadde vore ønskeleg om senteret på ein eller annan måte kunne tilby arkitektenester til utforming av slike detaljar som overdekking av inngangsparti, altan- og verandaløysingar osv, kan hende i form av ei typehandbok, eller i form av eit nettverk av arkitektar med spesiell interesse for og kompetanse på denne arkitekturen.

Handverkarar treng kunnskap og kursing om materialar og teknikkar i samband med vedlikehald og rehabilitering av gjenreisingsbygg, ettersom slik kunnskap ikkje lenger er ein del av grunnutdanninga.

RELEVANTE FORMIDLINGSFORMER

Breie formidlingsformer: Publisering av relevante tekstar – både eigenproduserte og innsamla.

Mellombreie former: Halde kurs, arrangere seminar og konferansar for denne målgruppa spesielt, delta i slike aktivitetar arrangert av andre.

Smale formidlingsformer: Rådgeving i enkeltsaker. Sakkunnig uttale i enkeltsaker.

Kundegruppe C: Anvendt forskning og undervisning

Dette handlar om forskning og undervisning retta mot i hovudsak målgruppe B. Her finn vi allereie institusjonar og forskingsmiljø det er viktig å etablere eit godt samarbeid med: NIBR, NIKU, Sintef Byggforsk, TFOU og så vidare, og undervisningsmiljø på NTNU, (sivilarkitekt, sivilingeniør, kulturminneforvaltning), HiST (Teknisk bygningsvern og restaurering).

KVA ER RELEVANT KUNNSKAP FOR BRUKARGRUPPA?

Senteret si oppgåve blir å dokumentere behov for og samarbeide om forskning, foreslå tema og oppgåver. Ein hovudidé er at Senteret skal tilby arbeidsplass i senteret, med arkiv, bibliotek og oversikt over anna kjeldemateriale.

RELEVANTE FORMIDLINGSFORMER

Breie formidlingsformer: Publisering av relevante tekstar – både eigenproduserte og innsamla.

Mellombreie formidlingsformer: Aktiv deltaking i kurs og konferansar, delta i eksisterande relevante regionale, nasjonale og internasjonale nettverk, ta initiativ til og bygge nye nettverk.

Smale formidlingsformer: Tilby arbeidsplass og arbeidsoppgåver for forskarar og studentar.

Kundegruppe D: Grunnforskning og undervisning

Dette handlar om forskning og undervisning retta mot alle andre brukargrupper, for å gje ein historisk og anna kontekst. Det handlar om arkitekturhistorie og kunsthistorie, byplanhistorie, generell historie. Det vil dreie seg om forskning i og på dei ulike «gjenstandane» (byplankart og arkitekttegningar, byar og bygningar) og forskning i ulike arkiv og annan dokumentasjon av bakgrunnen for BSR-planane og utviklinga av byane frå 1940 til i dag.

KVA ER RELEVANT KUNNSKAP FOR BRUKARGRUPPA?

Senteret si oppgåve blir å dokumentere behov for og samarbeide om forskning, foreslå tema og oppgåver. Ein hovudidé er at Senteret skal tilby arbeidsplass i senteret, med arkiv, bibliotek og oversikt over anna kjeldemateriale.

RELEVANTE FORMIDLINGSFORMER

Breie formidlingsformer: Publisering av relevante tekstar – både eigenproduserte og innsamla.

Mellombreie formidlingsformer: Aktiv deltaking i kurs og konferansar, delta i eksisterande relevante regionale, nasjonale og internasjonale nettverk, ta initiativ til og bygge nye nettverk.

Smale formidlingsformer: Tilby arbeidsplass og arbeidsoppgåver for forskarar og studentar

ARKIV, BIBLIOTEK OG ARBEIDSPASS

Dette er kjernefunksjonar for den forskinga som skal gå føre seg, og bør på plass så snart som muleg. Det er ei stor oppgåve å bygge opp eit brukbart bibliotek med relevant litteratur. Ein må gå i dialog med Riksarkiv/Statarkiv/UbiT om mulegheit for å få kopiert (eller deponert der det er fleire eks av same materiale) dei viktigaste delane av BSR-arkivet, Sverre Pedersen-arkivet og arkivet etter andre sentrale aktørar (Oddmund Suul, Claus Hjelte m.fl). Nasjonalmuseet – arkitekturmuseet har mykje materiale etter mange sentrale gjenreisingsarkitekter. Arkivet etter arkitekt Sverre Olsen er deponert hos Steinkjer kommune. Dei enkelte kommunane sine byggesaksarkiv er viktige kjelder. Steinkjer kommune sitt byggesaksarkiv er digitalisert og tilgjengeleg på nett, men alt materialet i saksmappene er ikkje digitalisert. Det er ikkje undersøkt korleis det er med dei andre kommunane. Senteret skal tilby arbeidsplass og arbeidsoppgåver til studentar og forskarar. Truleg vil to-tre lesesalsplassar



Eit studium av Sverre Pedersens soneplan for Steinkjer frå 1925 kan gi nyttig innsikt i BSR sine byplanideal.

vere nok. Utstyret kan vere enkelt, datamaskin med internett-tilkopling bør finnast. Eit mindre møterom for 6-8 personar vil vere ein fordel. I tilfelle samlokalisering med eit Weidemanngalleri bør ein kunne finne rom for eit større møterom/førelingssal. I tillegg kjem rom for administrasjon, tekniske rom, lager osv.

Nettverk og partnerskap

I rolla som kunnskapsnav er det avgjerande viktig at Gjenreisingscenteret går inn i relevante nettverk og oppnår partnerskap med relevante samarbeidspartnarar. Det er t.d. ikkje meininga at Gjenreisingscenteret sjølv skal drive utstrekkt forskning på eiga hand. Det må skje i partnerskap med relevante forskingsinstitusjonar. På same vis må landsomfattande formidling skje i partnerskap med lokale formidlingsinstitusjonar.

Forholdet til Nettverket av gjenreisingsbyer.

Dette er eit kommunalt og fylkeskommunalt nettverk omfattande fem byar og to fylkeskommunar. Nettverket har behov for ein koordinator og for ein kanal for informasjon. Nettverkskoordinator Lars-Eirik Havdal er i dag i Steinkjer, dette er ei tidsavgrensa ordning med tilskott frå Husbankens BLEST-prosjekt.


«Et nettverk bør kunne ha store fordeler av at et senter ble opprettet. Det ville kunne gi temaet et ansikt på internett, være kursarrangør, ta seg av praktiske sider av nettverkets seminar og være et kontaktpunkt mot utlandet. Det vil trolig også være lettere å institusjonalisere nettverket hvis en hadde et administrativt apparat som var uavhengig av kommunen som huser koordinatoren eller Husbanken. Nettverkets koordinator burde for eksempel da komme fra et annet sted enn senterlokaliseringen og bidra til bredde i driften av både nettverket og senteret.» (Medalen 2008)

Det vil vere gjensidig nyttig at Senteret er formidlingskanal og database for Nettverket. Men det er meir usikkert om Senteret som kritisk museumsinstitusjon (sjå nedafor) med «armlengdes avstand» til styresmaktene også bør overta koordineringa av nettverket, dvs å ha ein slags lojal «servicefunksjon» for kommunane.

Forholdet til dei øvrige gjenreisingsbyane

Nettverket omfattar førebels berre byane i Midt-Norge. Senteret må fungere som formidlingskanal og database for alt som har med gjenreisingsarkitekturen å gjere i samtlege gjenreisingsbyar og –stadar. Senteret kan også bidra til at det blir etablert eit nettverk av ressurspersonar i samtlege gjenreisingsbyar. I dette nettverket vil det og vere viktig å få med andre organisasjonar det er naturleg at senteret har god kontakt med, som Fortidsminneforeninga, Kulturminnefondet, Norsk Kulturarv osv.

Senteret sine funksjonar og plassering i nettverk går fram av figuren nedanfor:



ORGANISASJON, DRIFT, BEMANNING

Organisatorisk avklaring

Eit permanent senter for gjenreisingsarkitektur har heile tida vore tenkt som ein del av museumsstrukturen i Nord-Trøndelag. Ideen vart først lansert som eit innspel til konsolideringsprosessen i eit brev frå Nord-Trøndelag arkitektforening omkring 2000 og vart aktualisert og akseptert da konsolideringsprosessen i Nord-Trøndelag vart tatt opp att i 2006. Gjenreisingsssenteret var tenkt som ein del av Kunst i Nord-Trøndelag (tidlegare kalt «Nord-Trøndelag kunstmuseum»)

Dei oppgåvene gjenreisingsssenteret skal ta på seg høver godt med aktuell tenking omkring museumsinstitusjonen: *«Økt kunnskap antas å føre til at fleire kommer til å engasjere seg aktivt i å ivareta vår kulturarv».* (St.meld 49 (2008-2009) *FRamtidas museum*). Som ein del av eit museum blir senteret ein del av ei etablert ordning, blir ein ein fri og kritisk kunnskapsinstitusjon, med armlengdes avstand til styresmaktene.

Ein får tilgjenge til og kan bidra til museumsnettverket – Gjenreisingsmuseet for Finnmark og Nord-Troms, Jugendstilsenteret i Ålesund, Nasjonalmuseet – arkitektur. Det handlar både om bevaring av og forskning på konkrete gjenstandar – byar og bygningar, teiningar og modellar. Det er musea som driv forskingsbasert innsamlingsaktivitet – bevaring av bygningar in situ må vere like forskingsbasert. Arkitektur er både bygd bygg og arkivmateriale, teining og skriftlege dokument, av og til modellar. Museets særtrekk som kunnskapsinstitusjon er det nære sambandet mellom forskning og formidling.

Gjenreisingsssenteret si rolle i SNK

Stiklestad Nasjonale Kultursenter har både eit nasjonalt ansvar for forvaltning og formidling av Olavsarven og eit regionalt ansvar for all museumsverksemd i Nord-Trøndelag utanom Namdalen, inkludert kunstfeltet. Ein ny institusjon - eitt nytt bein å stå på – vil i dette perspektivet truleg vere bra. Det vil innebere ei styrking av den kunsthistoriske profilen til SNK, som allereie er etablert med Levanger Fotomuseum og Nils Aas Kunstverksted. Her kan ein bygge eit robust fagmiljø. For Gjenreisingsssenteret vil det vere ein fordel at SNK allereie har erfaring med eit nasjonalt forvaltar- og formidlaransvar.

Kulturminnevernet

Museumspolitisk plattform for Nord-Trøndelag fylksekommune vart vedtatt av fylkestinget 18. februar 2010. I saksutgreiinga for fylkestinget heiter det mellom anna:

«Det blir frå både kommunar og andre høyringsinstansar etterlyst eit sterkare samarbeid mellom musea og kulturminnevernet for å ivareta kunnskapsinnhaldet i kulturminne som finnest på sin opphavslege plass. Dei vert også kalla «museum på rot» og kan vere kulturminne som er eigd av musea, privatpersonar eller andre» (NTFK 2010).



Vadsø kjerke. frå 1958. Arkitekt: Magnus Poulsson. Det er viktig for eit nytt nasjonalt gjenreisingscenter å ha eit tett samarbeid med Gjenreisingsmuseet for Finnmark og Nord-Troms i Hammerfest.

Her peiker ein på kor viktig musea er for den typen kulturminnevern som er Gjenreisingscenteret si overordna målsetting. Det bør vere eit tungtvegande argument.

Alt peiker så tydeleg mot at Gjenreisingscenteret skal gå inn som ein del av SNK at det ikkje kjennest presserande å utgreie andre alternativ, sjølv om dei kan finnast.

Forholdet til andre museumsinstitusjonar

Sjølv om vi meiner å ha vist at det er eit tydeleg behov for eit kunnskapsnav for gjenreisingsbyane, er det ikkje sikkert at ein ny institusjon, ei ny museumsavdeling er det rette. Dersom det allereie eksisterar institusjonar som kan ta seg av dei same oppgåvene, vil det vere urasjonelt å opprette noko nytt. I det følgjande ser vi på forholdet til eksisterande (og planlagde) institusjonar:

Gjenreisingsmuseet for Finnmark og Nord-Troms

Gjenreisingsmuseet er ein del av Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark IKS

Museenes viktigste ansvarsområde er (i følgje selskapsavtalen):

Kystkultur i Finnmark, med særlig vekt på fiskerihistorie

Evakuerings- og gjenreisingshistorien til Finnmark og Nord-Troms

Samtidsdokumentasjon i fylket, med særlig vekt på de store samfunnmessige endringer i samtida.

Museene har en spesiell plikt til å ivareta det flerkulturelle Finnmark.

Nasjonalmuseet – arkitektur

er (ved sida av universiteta) landets nasjonale og sentrale institusjon for formidling og forskning i og om arkitektur. Arkitektursamlinga har sitt tyngdepunkt i modernismen, med særleg vekt på mellomkrigstida. Samlinga består hovudsakeleg av norske arkitektar sine arkiv og inneheld teikningar, fotografi, modellar, korrespondanse m.m. Arkiva etter Magnus Poulsson, Blakstad og Munthe-Kaas, Knut Knutsen og Sverre Fehn er blant dei mest sentrale. Museets praksis så langt, gjennom utstillingar og publikasjonar, peiker mot at ein har den «gode» arkitekturen og dei «store», banebrytande arkitektane i fokus. Gjenreisingsbyane som heilskap vil såleis kan hende oppfattast som litt perifere for Nasjonalmuseet. Oppgava å kontinuerleg ivareta kunnskapen om dei er truleg også av ein slik art at ho best kan løysast i ein eigen institusjon. Og med tanke på at det viktigaste vil vere å mobilisere innbygarane til å bli klar over og stå vakt om eigne verdiar, vil nærheit mellom kundegruppene og institusjonen vere avgjerande.

Nasjonalmuseet – arkitektur har ein sentral plass som ansvarleg for arkitektur i museumsnettverket og vil vere ein sentral samarbeidspartner. Museet sitt på mykje sentralt arkivstoff, mellom anna Jac. Hanssen sine akvarellar og privatarkivet etter mange sentrale gjenreisingsarkitektar.

Nordmøre Museum - Kristiansund

Det er også planar om eit Gjenreisingsssenter i Kristiansund, som skal fokusere på denne byens gjenreisingshistorie. I Strategisk plan for Nordmøre museum 2009-2012 er «Gjenreisningsbyen Kristiansund» eitt av fem faglege satsingsområde som har status som «Faglig og organisatorisk tilnærming utredes». Nordmøre museum gjer allereie mykje på området i samarbeid med Kristiansund kommune, jfr museet si heimeside.

Namsos Bymuseum

Namdalsmuseet i Namsos er ein konsolidert del av Museet Midt IKS. Det ligg føre planar om eit bymuseum for Namsos som ein del av Namdalsmuseet. Historia om bombinga i 1940 og gjenreisninga vil utgjere ein stor del av bymuseet si formidling.

Konklusjon:

Det skjer i dag god formidling av ulike sider og geografiske avgrensa delar av historia om gjenreisingsbyane. Gjenreisingsmuseet i Hammerfest har ikkje noko ansvar for gjenreisingsbyane frå Narvik og sørover. Nasjonal-museet - arkitektur vil sikkert tidvis kunne lage utstillingar og publikasjonar med gjenreisingsbyane som tema, men vil ikkje vere ein naturleg stad å vende seg for kunnskapshungrige kundergrupper i gjenreisingsbyane. Eit senter i Kristiansund er tenkt først og fremst med eit lokalt fokus.

Det trengs difor eit eige senter – eit kunnskapsnav for samtlege gjenreisingsbyar. Eit slikt senter må og ha som ambisjon å bidra til at det oppstår kontakt og informasjonsflyt mellom alle dei ulike instansane som er viktige for bevaring og utvikling av gjenreisingsbyane som verdfull kulturarv, innafor museumsverda og innafor forskning, utdanning, formidling og plan- og byggeverksemd.

Lokaliseringsalternativ i Steinkjer:

Hovudoppgåva for eit nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur vil vere registrering, dokumentasjon, forskning og formidling. Det er grunn til å vere nøkterne med kva rolle senteret kan spele som turistattraksjon. Senteret kan i ein oppstartfase drivast i eit kontor i Rådhuset – som no. Forskings- og fomidlingsoppgåver i mindre målestokk kan likevel ivaretaast, forskingsresultat kan publiserast på heimesida, formidling kan drivast via internett, gjennom informasjonsplakatar og informasjonstavler i byen og gjennom byvandringar. Men eit senter av eit visst fysisk omfang med både faste og skiftande utstillingar vil sannsynlegvis auke og halde oppe interessa blant lokalbefolkninga. Her er god og spennande formidling til barn og unge avgjerande viktig. Tilreisande turistar, især dei med generell interesse for kultur og historie og/eller spesiell interesse for arkitektur og byplan vil ha interesse av eit besøksenter av eit visst omfang. Med tanke på at senteret skal tilby arbeidsplassar for studentar og forskarar som vil arbeide med gjenreisingsbyane som tema, trengs det eit godt arkiv, eit godt bibliotek og tilstrekkeleg med lesesalsplassar. Eit besøksenter vil auke mulegheitane for forskingsformidling utover det heilt grunnleggjande, som å publisere artiklar og drifte ein nettstad. Forsking kan og bør, i tråd med museumsinstitusjonens særpreg, raskt omsattast i fengande formidling gjennom utstillingsmediet. Vi vil kome attende til mulege lokaliseringalternativ i ein eigen rapport.



Samfunnshuset i Steinkjer hysa i si tid både kino, svømmehall og bibliotek

DRIFT OG BEMANNING

Det er førebels for mange usikre faktorar til at det er muleg å sette opp noko detaljert budsjett for investeringar og drift av eit permanent Gjenreisingsssenter. På den eine sida kan ein lage planar og prognosar for eit omfattande senter. Men slike løysingar ligg eit stykke fram i tid. På den andre sida må det vere rett å prioritere kontinuitet i arbeidet med Gjenreisingsssenteret. Det peiker mot at det truleg er mest fruktbart å sjå for seg ei enkel løysing i ein oppstartfase. Deretter kan ein utgreie eit meir omfattande senter, der eit meir omfattande besøkssenter (Tidsmaskina) vil vere det enkeltelementet som vil vere mest krevande.

Det er realistisk å tenke seg ei gradvis oppbygging i tre fasar i løpet av dei næraste fem åra. Fase 1 er ein enkel oppstartfase med ein tilsett. Driftsutgiftene er i all hovudsak lønskostnadar til dagleg leidar. Dette må vere ein person med forskarkompetanse innafor kulturhistorie/arkitekturhistorie/kulturminnevern/bygningsvern. Ein må leige kontor, og utstillingsareal til ei mindre, permanent utstilling. I tillegg kjem kapitalkostnadar på investeringar.

Samla årlege driftsutgifter vil ligge på ca 1-1,5 mill kr. Investeringsbehovet er på ca 100 000 kr.

I fase 2 skal dei sentrale funksjonane som kunnskapsnav på plass, med to tilsette: I tillegg til dagleg leidar trengs det inntil 50% stilling som formidlar/kontomedarbeidar og 50% forskarstilling/stipendiatstilling. Ein må leige eit areal til bibliotek, arkiv og lesesal i tillegg til kontor og utstilling – til saman ca 100 kvm. I tillegg kjem kapitalkostnadar på investeringar.

Samla årlege driftsutgifter vil ligge på ca 1,6 – 1,8 mill. kr. Investeringsbehovet er på ca 750 000 kr.

I fase 3 skal vi realisere den optimale visjonen med det store Besøkssenteret. No blir senteret utbygd med eit moderne multimedialt besøkssenter. Årlege driftsutgifter vil truleg ikkje auke vesentleg, men auka areal (200 kvm?) fører til auka husleige – til saman 200 000 kr/år. Det krevst store investeringar for å realisere det tenkte besøkssenteret. Det er truleg realistisk å samanlikne eit slikt besøkssenter med Vitensenteret i Nord-Trøndelag. I prosjektrapporten frå september 2008 blir investeringane til «Newton»-rommet her kalkulert til 5 mill kr.

Samla årlege driftsutgifter 3,5 mill kr (løn 2,5 mill, andre driftsutgifter inkl. kapitalkostnader 1 mill kr.) Investeringsbehovet er på 5,5 – 5,7 mill kr.

Finansiering:

Med den same fordelingsnøkkelen som gjeld for dei konsoliderte musea, krevst det i fase 1 eit auka museumstilskott frå kommunen på ca 150 000/år, frå Nord-Trøndelag fylkeskommune på ca 220 000/år og eit auka statleg tilskott på ca 600 000 kr/år. Ein føreset då at Gjenreisingsssenteret blir ein del av SNK. I fase 2 er tala ca 270 000/år frå kommune, 400 000/år frå NTFK og 1 mill kr/år frå Staten. I fase 3 er tala 450 000, 680 000 og 1,7 mill kr. Her er det óg rekna at Besøkssenteret gir billettintekter.

Til samanlikning nemner vi nokre tal frå Statsbudsjettet for 2010 som gjeld eit par små museum, utanfor muse-
umskonsolideringa: Jødisk museum har 4 tilsette (2 fast tilsette), 7 mill. kr i inntekt, av dette er 2,3 mill. tilskott
frå KKD. Norsk Skogfinsk museum har 3,8 tilsette (3,1 fast) 2,8 mill. kr i inntekt, av dette er 2 mill. tilskott frå
KKD.



Vellukka transformasjon. Bensinstasjonen på Åndalsnes vart frisørsalong

SLUTTORD

Det prosjektet som no er inne i slutfasen har eit ambisiøst namn: «Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur». Vi håpar og trur at den rapporten som her er lagt fram, saman med det arbeidet som elles er gjort i prosjektperioden har vist det trengst eit nasjonalt senter for gjenreisingsbyane – eit kunnskapsnav og eit besøkssenter som ein permanent institusjon som kan bidra til at landets gjenreisingsbyar og –stader kan utvikle seg på ein god måte.

www.gjenreisingsbyer.no

Litteratur:

- Alta kommune (2004) Byggeskikkveileder
- Asplan Viak (utan tittel - utan år)
- Brandtsegg, Marit (1984) Byfornyelse, opprusting av uteareal i Steinkjer sentrum hovudoppgave NLH (Ås)
- Butenschøn, Peter (1980) Fra gjenreising til nyreising. (Byggekunst 5 1980).
- Butenschøn, Peter (2010) Byen – en bruksanvisning. Byggekunst 5 1980
- Dancke, Trond (1986) Opp av ruinene. Gjenreisningen av Finnmark 1945 -1960
- Folgerø Espen (2008) Devotional space. Masteroppgave i arkitektur Bergen Arkitekt Skole
- Heiberg, Edvard (1945) BSR Utenlandske fagfolks mening (Byggekunst nr 1 1945)
- Husbanken (2000) Gjenreist og særpreget. En planleggings- og utbedringsveileder for hus og steder i Nord-Troms og Finnmark
- Grimsgaard, Øivind (1946) Kristandsunds regulering - en viktig detalj. (Byggekunst nr 3-4 1946)
- ICOMOS NORGE (2006) 20.Århundre-rapporten.
- Jensen, Rolf H (1980) Moderne norsk byplanlegging blir til: tanker og ideer som preget fremveksten av moderne norsk byplanlegging slik det særlig fremkommer i de tekniske tidsskriftene 1854-1919 med forenklet videreføring av vesentlige tendenser i 1920-30 årene
- Medalen, Tor (2008) Midtveisevaluering av BLEST-programmet. Asplan Viak-rapport
- Nagelhus, Lene K. og Sigrid Rasmussen (1993) Byutvikling i Steinkjer, diplomoppgave Institutt for by- og regionplanlegging, NTH,Trondheim.
- Nord-Trøndelag fylkeskommune (2010) Museumsstrategisk plattform for Nord-Trøndelag fylkeskommune
- Pedersen, Sverre (1942) Det nye Kristiansund. Tidens Krav 24.juni 1942
- Pedersen, Sverre (1943) Brente steders regulering BSR. Noen meddelelser om reguleringsarbeidet i de krigsherjede byer og steder . (Innledning - Molde)
- Pedersen, Sverre (1943 2) Brente steders regulering BSR. Noen meddelelser om reguleringsarbeidet i de krigsherjede byer og steder. (Steinkjer)
- Pedersen, Sverre (1943 3) Brente steders regulering BSR. Noen meddelelser om reguleringsarbeidet i de krigsherjede byer og steder. (Namsos)
- Pedersen, Sverre (1944 1) Brente steders regulering BSR. Noen meddelelser om reguleringsarbeidet i de krigsherjede byer og steder (Bodø)
- Pedersen, Sverre (1944 2) Brente steders regulering BSR. Noen meddelelser om reguleringsarbeidet i de krigsherjede byer og steder (Narvik)
- Reiersen, Elsa og Thue, Elisabeth (1996): De tusen hjem: Den norske stats husbank 1946-96
- Sjåtill&Fornæss AS (2001) Estetisk veileder for bygningene i Leiret, Elverum kommune
- Schmidt, Lene og Wilhelm Hanne (1999) Mitt hus er din utsikt. Statens byggeskikkutvalg.
- Stensheim, Egil (2006) Estetisk veileder for Steinkjer
- Svendsen, Oddvar (2007) Estetikk i byplanlegginga (ukjent avis 19.10.2007)
- Sylthe, Christ Allan (1991) « Byen Vår», bind II.
- Thorsen, Odd og Reiulf Ramstad (1997) Formingsveileder Namsos kommune.
- Tvinnereim Helga Stave (1986) Det nye Molde: ein studie av gjenreisinga etter bombinga i 1940 på bakgrunn av ulike retningar innan europeisk bybyggingskunst og med særleg vekt på professor Sverre Pedersens planarbeid for norske byar og tettstader (Doktorgradsavhandling)
- Tvinnereim, Helga Stave (1992) Det nye Molde. Årbok for Romsdalsmuseet
- Ulseth, Olav (1977) Steinkjer. I Norges Bebyggelse herredsbind Nord-Trøndelag midtre del. (Optrykk 1977)

Arkiv:

- Steinkjer kommunes byggesaksarkiv
- Sverre Pedersen-arkivet i Arkivsenteret Dora, Trondheim

Nettressursar:

- Nordmøre museum <http://www.nordmore.museum.no/artikkel.aspx?MId1=237&AId=313>
- Riksantikvarens NB!register <http://nb.ra.no/index.jsf>
- Steinkjerleksikonet <http://www.steinkjerleksikonet.no>
- Store norske leksikon - Norsk biografisk leksikon <http://www.snl.no/>

